

Årsrapport 2023



norsk
pasientskade-
erstatning

Innhald

I. Leiars rapport	3
II. Introduksjon til verksemda	5
Oppgåver.....	5
Verdiar.....	5
Organisasjon.....	6
Slik er saksbehandlinga.....	7
Strategi for 2019-2024.....	8
III. Årets aktivitetar og resultat	9
1. Hovudmål.....	9
2. Styringsparametrar.....	9
3. Andre prioriteringar.....	10
Produktivitet.....	14
Nøkkeltal.....	15
Organisasjonen og menneska.....	17
IV. Styring og kontroll i verksemda	20
V. Vurdering av framtidsutsikter	22
Året som har gått i Norsk pasientskadeerstatning	23
Koronavaksinesaker.....	23
Eit stort digitalt løft.....	24
Pasientskadesaker i Høgsterett i 2023.....	25
Sakkunnigtenester.....	26
Erstatningskrav frå pasientar etter kreftstudien Norwait.....	28
Faglege allmøte.....	28
Møte med menneske i krise.....	28
Synlegheit.....	29
Klarspråk.....	29
Norsk pasientskadeerstatning skal evaluerast.....	29
Korleis er det å jobba i Norsk pasientskadeerstatning?.....	30
VI-A. Årsrekneskap 2023 Norsk pasientskadeerstatning	32
VI-B. Årsrekneskap 2023 Fond for pasientskadeordninga – offentlig helseteneste	46
VI-C. Årsrekneskap 2023 Fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste	53

I. Leiars rapport

Korleis møte menneske i krise

Det er tungt å bli ramma av svikt som pasient og å krevja erstatning for det. Jobben min som direktør i NPE er å sørge for at alle blir møtte med respekt og verdighet. Både medhald og avslag skal formidlast på ein forståeleg måte. Derfor fekk alle tilsette og sakkunnige ei omfattande opplæring i bruk av klarspråk i 2023.



Kristin Cordt-Hansen

Korleis møta menneske i krise

var også tema for ei samling for alle medarbeidarane. Både pasient- og brukarombod og leiar for ADHD Norge gav nyttig innsikt i å lytta og vera tydeleg i dialogen med folk. Samtidig skal me ta vare på medarbeidarar som ofte står i krevjande situasjonar – både menneskeleg og fagleg.

Eg er oppteken av openheit i alle ledd; lytta til kritikk og gode råd frå erstatningssøklarar og andre. Det handlar ikkje minst om å sørge for at me kontinuerleg forbetrar oss og sikrar den beste kvaliteten på behandlinga av erstatningssøknader. Me kan alltid bli betre på å formidla informasjon enkelt og opplysende.

Openheit har også vore viktig i informasjonsarbeidet i 2023. For saker innan nokre medisinske område får nesten alle søklarar avslag fordi dei ikkje møter krava lova stiller for å få medhald. I samarbeid med pasientforeiningar har me styrkt informasjonen om kva som skal til for å få erstatning.

2023 var eit rekordår på godt og vondt. På alle område innan behandlinga av erstatningssaker har me oppnådd rekordar. Talet på søknader auka med 11 prosent og det vart utbetalt meir enn nokon gong til menneske som er ramma av svikt i helsetenesta. Me behandla også langt fleire saker i 2023 enn i 2022. Talet på årsverk har ikkje auka, og det har betydd at kvar enkelt saksbehandlar har klart å behandla fleire erstatningskrav enn før. Det er takka vera eit målretta arbeid med å effektivisera behandlinga av sakene.

Kontinuerleg forbetring for å gjera ventetida for erstatningssøklarar så kort som mogleg har vore sentralt i utviklinga av digitale løysingar. I byrjinga av året vart avtale gjord med leverandør av nytt saksbehandlingssystem. Mange i NPE er involvert i arbeidet med å forma digitale løysingar som kan bidra til ei raskare behandling av erstatningskrav. Me har også teke i bruk robotteknologi for å auka effektiviteten. Det har mellom anna bidrege til å gi meir informasjon til dei som lurar på om dei får erstatning av NPE.

Eit pågåande, stort digitalt løft og søknadsrekord gjorde 2023 til både eit spennande og krevjande år. Saksbehandlingstida gjekk framleis ned trass i ein stadig større straum av saker.

Samtidig som me må handtera alle søknadene som kjem inn, må me bruka tid og ressursar på å utvikla framtidsretta digitale verktøy for å møte utfordringane med år etter år med søknadsvekst. Og det aller viktigaste har vore og er å gi erstatningssøklarar som opplever svikt i helsetenesta den kvaliteten på tenestene våre som dei har krav på.



Kristin Cordt-Hansen
direktør

II. Introduksjon til verksemda

NPE er ei statleg verksemd underlagd Helse- og omsorgsdepartementet. Me behandlar erstatningskrav frå pasientar som meiner dei har fått ein skade etter behandlingssvikt i helsetenesta.

Oppgåver

NPE har tre forskriftsfesta oppgåver.

Me skal:

1. avgjera om erstatningssøklarar har krav på erstatning og fastsetja storleiken på erstatninga
2. bidra med statistiske data til kvalitetsforbetring og skadeførebyggjande arbeid i helsetenesta
3. informera om pasientskadeordninga til pasientar, helsetenesta og publikum

Verdiar


I arbeidet vårt legg me vekt på desse verdiane:

Omtenssam - Me skal møta erstatningssøkjaren med openheit, forståing og respekt. Kontakten vår skal vera personleg og me skal gi individuell hjelp og oppfølging. Me skal visa tiltru til erstatningssøkjaren, slik at hen opplever tryggleik og tillit.

Opplysende - Me skal driva aktivt opplysningsarbeid om pasientskadeordninga. Verksemda vår skal vera synleg, lett tilgjengeleg og godt kjend. Me skal ha god og konstruktiv kommunikasjon med erstatningssøklarar, helsetenesta og andre aktørar.

Kvalitetsmedvite - Alle nivå i organisasjonen skal vera prega av openheit, kompetanse og effektivitet. Dette skal gi erstatningssøklarane eit rett og raskt resultat.

Organisasjon



Slik er saksbehandlinga

Slik er saksgangen frå NPE får søknad om erstatning og fram til saka er ferdigbehandla:

Me får krav om erstatning og hentar inn relevant informasjon

Etter at me har fått søknad om erstatning, hentar me inn uttale frå behandlingsstaden der erstatningssøklar meiner skaden skjedde. Me innhentar også annan relevant dokumentasjon, som pasientjournalar og liknande. Erstatningssøklar får kopi av uttalen frå behandlingsstaden og har høve til å kommentera denne.

Saksbehandlar greier ut saka

Saksbehandlaren ser på dokumentasjonen me har fått inn og innhentar meir informasjon om nødvendig. Dei viktigaste dokumenta i saka er erstatningssøklars innspel, pasientjournal, uttalen frå behandlingsstaden og vurderinga til sakkunnige av saka.

Erstatningssøklar blir orientert om kva som skjer undervegs i saka. Erstatningssøklar kan sjølv sagt også ta kontakt med saksbehandlaren sin, viss hen lurar på noko eller har nye opplysningar i saka.

Vurdering av dei medisinske problemstillingane i saka

Me innhentar medisinsk sakkunnig vurdering i dei fleste sakene. Den sakkunnige skal ut frå den faglege bakgrunnen sin som spesialist gi ei vurdering av behandlinga og oppfølginga pasienten har fått.

Saksbehandlaren greier ut om erstatningssøklar har krav på erstatning eller ikkje.

Berekning av erstatning

Viss erstatningssøklar har rett til erstatning, bereknar me storleiken på erstatninga. I denne fasen av saksbehandlinga treng me vanlegvis innspel og informasjon frå søkjaren.

Me fastset erstatninga ut frå erstatningssøklars konkrete situasjon, slik at noverande og framtidige økonomiske tap blir dekt. Erstatninga skal dekkja tapa erstatningssøklar har fått som følgje av skaden, og som ikkje blir dekt av eventuelle trygdeytningar, sjukepengar og liknande.

Målet er at erstatningssøklar skal ha tilnærma den same økonomiske situasjonen som før skaden.

Strategi for 2019-2024

Strategisk hovudmål:

Me skal redusera saksbehandlingstida ved å forenkla måten me jobbar på.

Satsingsområde 1:

Me bruker tida effektivt

Dette gjer me gjennom å:

- prioritera arbeidsoppgåver og utviklingstiltak som gir verdi
- effektivisera kvart ledd i saksbehandlinga av pasientskadar
- effektivisera arbeidet i alle einingar
- gi brukarane ansvar for å bidra meir i søknadsprosessen
- skapa ein open samarbeidskultur



Satsingsområde 2:

Me bruker kompetansen vår innovativt og løysingsorientert

Dette gjer me gjennom å:

- utvikle kompetansen og dela kunnskap på ein systematisk måte
- skapa ein kultur for å gi og ta imot tilbakemeldingar
- ta leiarrølla, vera modige i endringsarbeid og leiing
- aktivt få fram innovative tiltak
- byggja kompetansen me treng i framtida



Satsingsområde 3:

Me har effektive og målretta avgjerdsprosessar

Dette får me gjennom å:

- styrke avgjerdsdyktigheita hos saksbehandlarane
- delegera oppgåver og avgjerder
- kommunisera avgjerder klart og tydeleg



Satsingsområde 4:

Me bruker gode digitale verktøy

Dette gjer me gjennom å:

- forenkla dagens løysingar
- byggja digital kompetanse
- ta i bruk nye digitale verktøy



III. Årets aktiviteter og resultat

Frå tildelingsbrevet for 2023 frå Helse- og omsorgsdepartementet:

1. Hovudmål

«Rask og god saksavvikling skal ha høgaste prioritet i Norsk pasientskadeerstatnings arbeid.

Balansen mellom grannsemd og tidsbruk skal vurderast kontinuerleg.»

2. Styringsparametrar

- «85 prosent av sakene der erstatningssøkjaren er tilkjend erstatning (medhaldsakene) skal vera ferdigbehandla innan det har gått 24 månader. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for desse sakene skal ikkje overstiga 14 månader.»

Resultat:

Me oppfylte begge målsetjingane. 89 prosent av desse sakene vart avslutta innan 24 månader og gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 12,6 månader (377 dagar).

-
- «90 prosent av sakene der erstatningssøkjaren ikkje blir erstatning tilkjend (avslagssakene) skal vera ferdigbehandla innan det har gått 12 månader. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for desse sakene skal ikkje overstiga 6,5 månader.»

Resultat:

88 prosent av desse sakene vart avslutta innan 12 månader og gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 6,6 månader (198 dagar). Det er eit resultat som er marginalt utanfor målsetjinga.

-
- «NPE skal i 2023 ikkje ha saker som har vore under ansvarsvurdering lengre enn to år. Vidare skal under fem prosent av dei løpande bereknings sakene ha vore under berekning over to år.»

Resultat:

Ved årets avslutning hadde me ni saker som hadde vore under ansvarsvurdering lengre enn to år.

Me hadde ved utgangen av året 35 saker som har vore under berekning over to år. Det utgjør 5,5 prosent av alle løpande berekningar og er eit resultat utanfor målsetjinga.

Me kom altså ikkje heilt i mål med denne målsetjinga. Sakene var likevel nøye vurderte med omsyn til om me – utan å gå på akkord med tilstrekkeleg kvalitet – kunne avslutta dei før årsskiftet. Konklusjonen var nei. Det er krevjande å treffa presist på målsetjingar som dette fordi me må ta omsyn til om kvar enkelt sak

faktisk er moden for avgjerd. Under denne føresetnaden er me komfortable med måloppnåinga.

3. Andre prioriteringar

- «NPE skal halda fram arbeidet med utnytting av erfaringsmaterialet til etaten i kvalitetsutvikling og skadeførebyggjande arbeid.»

Resultat:

NPE sit på eit omfattande statistisk materiale som me mellom anna gjer tilgjengeleg i arbeidet til helsetenesta med kvalitetsutvikling og pasienttryggleik.

I 2022/2023 gjennomførte me ei undersøking der me såg på samsvar mellom saker som har fått medhald og saker som er melde inn lokalt på sjukehusa som avvikshendingar. I gjennomsnitt vart 39 prosent av sakene funne. Tilsvarende tal fem år tilbake var 33 prosent. Undersøkinga set søkjelys på at uønskte pasienthendingar bør meldast i større grad enn det blir gjort i dag. På den måten blir det mogleg for helsetenesta å jobba meir systematisk for å førebyggja pasientskadar.

I tillegg er det skrive viktige publikasjonar og masteroppgåver om pasientskadar melde i NPE. Der har ein mellom anna sett på geografiske forskjellar i talet på pasientskadar, og dermed også indirekte forskjellar i kvaliteten på helsetenesta i dei ulike områda.

NPE har eit eige statistikkmiljø som samanliknar statistikk til bruk internt og eksternt. I 2023 handterte me 289 førespurnader om statistikk. Det var ein auke på 21 prosent samanlikna med 2022. Dei største gruppene er informasjon/statistikk til interne brukarar, presseførespurnader og informasjon/statistikk til forskarar/studentar. Helsetenesta fekk statistikk til kvalitetsarbeid og undervisning innan mellom anna kirurgi, legemiddelhandtering og anestesi.

Gjennom året jobba me med å utvikla ein portal kor interne og eksterne brukarar sjølv kan henta oppdatert statistikk. Portalen blir lansert i 2024.

-
- «NPE skal halda fram arbeidet med å følgja opp Riksrevisjonens rapport om saksbehandlingstidene innanfor saksbehandlingsområdet, jf. Dokument 1 for 2019, inkludert å gjennomføra felles prosjekt med Helseklage.»

Resultat:

NPE har følgd opp Riksrevisjonens påpeikingar gjennom eigne tiltak og samarbeid med Helseklage. Gjennomførte og planlagde tiltak er samanlikna i ein felles rapport som vart oversend til Helse- og omsorgsdepartementet hausten 2023. Etatane jobbar vidare med å forenkla og effektivisera saksbehandlinga.

I tida frå Riksrevisjonen leverte rapporten sin hausten 2019 og til utgangen av 2023 har saksbehandlingstidene i NPE vorte monaleg redusert:

	September 2019	Desember 2023	Reduksjon i talet på dagar	Prosentvis reduksjon
Frå søknad til avslagsvedtak	250 dagar	198 dagar	52 dagar	21 prosent
Frå søknad til vedtak om rett til erstatning og storleiken på erstatninga	667 dagar	377 dagar	290 dagar	43 prosent

- «Statlege verksemder skal ha lærlingar knytt til seg der talet på lærlingar skal stå i eit formålstenleg i forhold til storleiken på verksemda. Verksemder med meir enn 75 tilsette skal til kvar tid ha minst éin lærling, og større verksemder bør ha ambisjon om fleire enn ein lærling. NPE skal også kvart år vurdera om det er mogleg å tilby opplæring i nye lærefag og om talet på lærlingar kan aukast. Alle statlege verksemder skal vera knytt til opplæringskontoret OK stat eller eit anna opplæringskontor. I tillegg ber me om at NPE arbeider for å ta imot studentar i praksis i tråd med intensjonane i arbeidslivsrelevansmeldinga. I årsrapporten for 2023 skal verksemda rapportera følgjande: Talet på lærlingar, om det er vurdert å auka talet på lærlingar og eventuelt innanfor kva fag og dessutan kva opplæringskontor verksemda er tilknytt. Etaten skal også rapportera på arbeidet med å ta imot studentar i praksis. Verksemder som ikkje har oppfylt krava, må forklara årsaka til dette og kva dei har gjort for å oppfylle krava.»

Resultat:

Me har kartlagt moglegheita for å ta inn lærling i eitt eller fleire fag. Me har hatt løpande dialog med opplæringskontoret for statlege verksemder (OK stat) og brukt kartleggingsverktøya deira. Resultatet av dialogen er at NPE ikkje kan oppfylle læreplanen innan aktuelle fagområde som service og administrasjon, IT-utvikling og -drift, mediedesign og innhaldsproduksjon. I NPE er utdanningsnivået høgt med mange spesialiserte oppgåver. I tillegg er mange aktuelle oppgåver flytta ut, jf. konsernmodellen der dokumentasjonsforvaltning/arkiv og IT-drift og brukarstøtte er flytta til Norsk helsenett SF. Me vil vurdera om me eventuelt kan samarbeida med ei anna statleg verksemd om å tilby lærlingplass.

- «NPE skal arbeida for å redusera konsulentbruken på område der det ligg til rette for å nytta interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal tenester frå kommunikasjonsbransjen som hovudregel ikkje blir nytta. Etaten skal i årsrapporten for 2023 rapportera om konsulentbruken, under dette om sette i verk tiltak og konkrete resultat i arbeidet med å følgja opp fellesføringa. Dersom det er fagområde og/eller kompetanseområde i verksemda der ein i særleg grad bruker konsulentar, skal bakgrunnen for dette blir omtalt nærare. Verksemda skal som ein del av rapporteringa også gi ein overordna omtale av ev. kjøp av konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen (alle typar kommunikasjonstenester) i 2023 og opplysa om totalbeløp for kjøp av slike tenester.»

Resultat:

	Rekneskap 2023	NHN - konsulent- tenester konsernmodell	Sakkyndig- tenester	Betaling for journalkopi (refusjon)	Konsulenter IT	Konsulenter IT viderefakturert Helseklage	rekrutterings- bistand	Rekneskap / lønn / DFØ	Andre
670 - Konsulenttenester innan økonomi, revisjon og juss	254 188	0	0	0	0	0	0	254 188	0
671 - Konsulenttenester til utvikling av programvare, IKT-løysingar osv.	25 259 081	6 465 669	0	0	10 664 002	8 129 410	0	0	0
672 - Konsulenttenester til organisasjonsutvikling, kommunikasjon osv.	376 086	0	0	0	0	0	308 801	0	67 285
673 - Andre konsulenttenester	5 875 514	4 970 268	0	0	0	883 371	0	3 565	18 310
674 - Innleiga vikarar	551 570	0	0	0	0	0	0	551 570	0
675 - Kjøp av tenester til løpande driftsoppgåver, IKT	27 300 620	25 322 747	0	0	891 642	1 086 231	0	0	0
676 - Kjøp av lønns- og rekneskapstenester	305 066	0	0	0	0	0	0	305 066	0
678 - Kjøp av andre framande tenester	33 720 984	0	33 715 404	0	0	0	0	0	5 580
679 - Kjøp av andre framande tenester, framhald	13 820 077	0	13 166 552	626 190	0	0	0	0	27 335
Sum 67	107 463 186	36 758 684	46 881 956	626 190	11 555 644	10 099 012	308 801	1 114 389	118 510
687 Leier og fagrettleiarutvikling – interne kurs	554 373	0	0	0	0	0	0	0	554 373
Totalt	108 017 559								

Som tabellen viser, er størsteparten av NPEs konsulentbruk knytt til sakkunnigtenester og tenester frå NHH. Dette er tenester me i lita grad kan påverka utan at det går ut over drifta og saksbehandlinga vår.

Konsulentbruken på IT-området heng saman med arbeidet med å modernisera dei digitale løysingane våre, jf. omtale andre stader i årsrapporten. Me har dei siste åra ønskt å styrkja vår eiga bemanning på dette området, mellom anna for å redusera konsulentbruken. Det har likevel vera veldig krevjande i ein marknad med svært etterspurt arbeidskraft og høge lønnsforventningar blant IT-medarbeidarar. Me har gjennomført fleire tilsetjingsprosessar utan resultat, og har derfor vore nøydde til å skaffa kompetanse og kapasitet i form av ekstern konsulentbistand i staden. Sjølv om marknaden kan sjå ut til å endra seg noko no, vurderer me at det ikkje er realistisk å redusera konsulentbruken i særleg grad på dette området i den næraste tida. Dette heng også saman med at me er midt i eit ressurskrevjande prosjekt på IT-området.

Konsulentbruken knytt til rekruttering er låg. Me bruker stort sett eigne krefter til rekruttering, men bruker bistand i enkelte tilfelle, typisk til leiarstillingar og spesialiserte funksjonar på IT-området. Me vil vurderer om det er formålstenleg å redusera denne bistanden.

Konsulentbruken til rekneskaps- og lønstenester er låg, og i lita grad mogleg å påverka for oss.

Me har nytta kommunikasjonstenester for 50 000 kroner i 2023. Dette er utgifter til pressebilete og omsetjingstenester.

-
- «Verksemdene skal vurderer moglegheitene for desentralisert arbeid og leggja til rette for dette der det er formålstenleg. NPE skal i årsrapporten gjera greie for si vurdering av moglegheitene for desentralisert arbeid, omfang og bruk av desentralisert arbeid og erfaringane med dette. Dersom verksemda ikkje har hatt vekst i desentralisert arbeid eller dersom bruken har gått ned, skal det gjerast greie for særskilt for årsakene til dette.»

Resultat:

Me er positive til å gi høve til desentralisert arbeid, og vurderer dette ved utlysing av nye stillingar. Då vurderer me økonomiske konsekvensar, opplæringsbehov, karakteren til oppgåva og leiars moglegheit for personaloppfølging i kvart enkelt tilfelle. NPE har over fleire år lagt til rette for tidsavgrensa desentralisert arbeid for medarbeidarar som har ønskt dette. Me starta den systematiske vurderinga knytt til nye stillingar mot slutten av 2023. Dette har så langt ikkje medført endring i talet på medarbeidarar som arbeider desentralisert.

- NPE skal i samsvar med pkt. 2.4 i Bestemmelser om økonomistyring i staten etablera dokumentert internkontroll tilpassa risiko og vesentlegheit.»

Resultat:

Sjå punkt IV. Styring og kontroll.

Produktivitet

	2021	2022	2023
Produserte saker	8 739	8 798	9 747
Årsverk	146,2	137,8	142,7
Produktivitet	59,8	63,8	68,3



Me bereknar produktiviteten som talet på produserte pasientskadesaker per årsverk.

Produserte saker er summen av medhald, avslag, saker der det blir utbetalt erstatning, avviste og bortlagde saker.

Årsverk svarer til faktiske årsverk i NPE i perioden 01.01.2023 til 31.12.2023. Årsverk som er knytt til NPEs forvaltning og utvikling av IT-system i Nasjonalt klageorgan for helsetenesta er trekt ut.

Nøkkeltal

NPE totalt	2022	2023
Mottekne erstatningskrav	7 079	7 863
Medhald	1 479	1 592
Avslag	3 590	4 174
Medhalddel	29 %	28 %
Erstatningsutbetalinger frå NPE totalt, inkl. særskilde tilskot – mill. kroner	1 114	1 407


Offentleg helseteneste	2022	2023
Mottekne erstatningskrav	5 653	5 880
Medhald	1 142	1 011
Avslag	2 839	3 232
Medhalddel	29 %	24 %
Erstatningsutbetalinger – mill. kroner	1 007	1 296

Privat helseteneste	2022	2023
Mottekne erstatningskrav	830	1 223
Medhald	238	337
Avslag	345	357
Medhalddel	41 %	49 %
Erstatningsutbetalinger – mill. kroner	54	78


Særskilde tilskot	2022	2023
Mottekne erstatningskrav	544	702
Medhald	97	242
Avslag	335	534
Medhalddel	22 %	31 %
Erstatningsutbetalinger – mill. kroner	53	33

Legemiddelsaker	2022	2023
Mottekne erstatningskrav	52	58
Medhald	2	2
Avslag	71	51
Medhalddel	3 %	4 %
Erstatningsutbetalinger frå legemiddelselskap (ikkje NPE) – mill. kroner	-	3


Mottekne erstatningskrav - talet på




Vedtak - talet på



Erstatningsutbetalinger frå NPE - mill. kroner



Tidsbruk saksbehandling - dagar



Organisasjonen og menneska

Mengd tilsette og årsverk

Mengd tilsette ved utgangen av 2023: 165

Utførte årsverk i 2023: 147,4

(Inkludert 4,7 årsverk til IT-tenester og anskaffingar som me utfører for Nasjonalt klageorgan for helsetenesta.)

Utsifting

Del tilsette som sa opp stillinga si i NPE i 2023 var på 10,3 prosent.

Tilsvarande tal for førre år:


- 2022: 5,7 prosent
- 2021: 8,5 prosent
- 2020: 4,9 prosent

Sjukefråvær

Totalt var fråværet i 2023 på 4,3 prosent, ein nedgang på 2,4 prosentpoeng samanlikna med 2022.

Sjukefråværet var i 2023 tilbake på om lag same nivå som før pandemien.

Sjukefråværsutviklinga i NPE



Oppfølging av aktivitets- og forklaringsplikta som følger av likestillings- og diskrimineringsloven

Tal per 31.12.2023	Kvinner (prosent)	Menn (prosent)
Fordeling i den totale arbeidsstokken	75	25
Kjønnsfordeling blant alle leiarane	78	22
Fordeling av lønn utbetalt i 2023	73	27

Me har dialog med tillitsvalde i verksemda om spørsmål knytt til likestillings- og diskrimineringsloven.. Me har diskutert moglege årsaker der me ser lønnsforskjellar i ulike stillingskategoriar. Partane er samde om at det er vanskeleg å lesa ut ei lønnsdiskriminering basert på kjønn i desse tala.

Partane er også samde om at ufrivillig deltid ikkje er eit problem i NPE.

Det er ingen mellombels tilsette i NPE ved årsskiftet.

- Del i foreldrepermisjon (heile året): ti kvinner og fire menn, som er ein andel på 8,48 prosent.

Av erfaring er det stor overvekt av kvinner som søker stilling i NPE, ikkje minst innanfor hovudkategorien av tilsette som er saksbehandlarar av pasientskadesaker. Dette sjølv om me oppmodar alle kvalifiserte kandidatar til å søkja, uavhengig av kjønn. Me legg sjølv sagt overordna til grunn at kandidatane oppfyller kvalifikasjonsprinsippet ved tilsetjingar i det offentlege.

Me har for tida fem medarbeidarar som er tilsette i deltidsstilling, alle etter eige ønske. Ved arbeidsløyse i stillingskategoriar der me har tilsette på deltid, blir desse auke tilboden til full stilling før stillinga blir lyst ut.

Kompetanseutvikling

Me har gjennomført eit leiarutviklingsprogram for å styrkja og vidareutvikla den generelle leiarkompetansen i verksemda. Programmet omfatta alle leiarar, men med noko differensiering ut frå nivå og problemstillingar. Programmet hadde fokus på leiing som eit praktisk fag. Eit anna formål var å gi leiarane oppdaterte kunnskap frå forskning på leiingsområdet.

Opplegget bestod i samlingar med ekstern hjelp der leiarane fekk praktiske øvingar for å utvikla tryggleik i eigen leiarskap, styrke samspelet i gruppa dei er ansvarlege for osv.

Parallelt har me også gjennomført utviklingsprogram for fagrettleiarane og fagrådgivarane med fokus på rettleiarrolla. Fagrettleiarane/fagrådgivarane har ei viktig rolle som motivatorar og instruktørar for saksbehandlarane. Formålet med programmet har vore å gi høve til å trenast på ferdigheiter og å bevisstgjera på eiga åtferd.

Målet er at fagrettleiarar og fagrådgivarar skal bli betre i stand til å kunna gi fagleg rettleiing og pedagogisk tilbakemelding på ein måte som styrkjer kompetansen hos saksbehandlarane våre. Det er også gitt oppdatering av kunnskap og påfyll frå forskning

innan aktuelle område som kommunikasjon, rettleiing, pedagogikk og kunnskapsoverføring.

Opplæringspakken vår er oppdatert for å sikra at nytilsette får nødvendig introduksjon og opplæring slik at dei kjem raskt inn i saksbehandlingsoppgåvene.

Me vil føra vidare og utvikla arbeidet med kompetansestrategien vår ved å kartleggja noverande kompetanseprofil, identifisera kompetansegap, prioritera opplæringstiltak og sikra våre framtidig kompetansebehov. Dette skal me kopla til strategien vår og til mål frami tid.

IV. Styring og kontroll i verksemda

Instruks for verksemda

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett tre instruksar for NPE: «Instruks for Norsk pasientskadeerstatning», «Instruks for fond for pasientskadeordninga – offentlig helseteneste» og «Instruks for fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste».

«Instruks for fond for pasientskadeordninga – offentlig helseteneste» er oppdatert i samband med at ordninga med innkrevjing av eigendelar frå helseføretak i offentlig helseteneste vart avvikla med verknad frå 1. januar 2022.

Lønns- og rekneskapstenester

NPE bruker Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) som leverandør av lønns- og rekneskapstenester etter ein fullservicemodell. Me bruker DFØs løysingar for lønn, rekneskap og fakturahandtering. Me nyttar Økonomiinfo frå DFØ for rapportering av rekneskapstal.

Me har avtale med skatteetaten om oppfølging av tilskotspliktige verksemder i privat helseteneste.



Styring og kontroll

NPE utarbeider årleg verksemdsplan for verksemda. Den følgjer strukturen i strategien vår og inneheld mål frå tildelingsbrevet og andre sentrale oppgåver. Leiinga har regelmessige gjennomgangar av resultat og status på tiltaka i verksemdsplanen. Leiinga har også regelmessige gjennomgangar av budsjett og rekneskap. Desse gjennomgangane følgjer eit fast årshjul, som også inkluderer rapporteringar til Helse- og omsorgsdepartementet, risikovurderingar osv.

Me rapporterer på prioriteringar, resultatmål, nøkkeltal og budsjett til Helse- og omsorgsdepartementet etter fastlagde rutinar. Direktøren delegerer budsjettmidlar internt i verksemda gjennom disponeringskriv til budsjettansvarlege leiarar.

NPE har etablert eit system for risikovurdering og -oppfølging. Me følgjer der spesielt opp dei viktigaste måla i strategien og verksemdsplanen vår i tillegg til økonomiforvaltninga.

Me har vurdert behovet for eigen internrevisjon, jf. rundskriv R-117 av 11.12.2020 frå Finansdepartementet. Me vurderer det slik at det ikkje er behov for å etablere slik revisjon no, men at det er naturleg å vurdere behovet kvart tredje år og ved store endringar i verksemda, rammevilkår osv.

Me har rutinar for varsling etter arbeidsmiljølova.



Informasjonstryggleik og personvern

NPE handterer ei stor mengd sensitive personopplysningar. Me er opptekne av å handtera opplysningane på ein trygg og forsvarleg måte. Informasjonstryggleik og personvern har høg prioritet hos oss.

Me har rutinar for oppfølging av krav i personvernlovgivinga/General Data Protection Regulation (GDPR), og ein eigen funksjon som personvernombod.

Me har etablert eit system for informasjonstryggleik og personvern (ISMS) og har funksjon som informasjonstryggleiksleiar. Me har utarbeidd og oppdatert styringsdokument og rutinar, og har gjennomført risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS) og vurdering av personvernkonsekvensar (DPIA) på aktuelle område.

Me har rutinar for varsling og oppfølging av avvik innan informasjonstryggleik og personvern.

Me har eit godt samarbeid med Norsk helsenett SF (NHN) knytt til IT-tryggleik og har god nytte av NHNs kompetanse og rolle på området.

Helse, miljø og tryggleik (HMS)

NPE har eit internkontrollssystem for å følgja opp HMS-lovgivinga. Me har arbeidsmiljøutval, verneombod og er knytt til bedriftshelseteneste. Me har rutinar for å ta vare på tryggleiken for dei tilsette i dialogen med brukarane våre.

Norsk helsenett SF (NHN) hjelper og gjennomfører anskaffingar for NPE. NHN forhold seg til krava som blir stilte til offentlege styresmakter om å motverka arbeidslivskriminalitet og sikra at leverandørar følgjer lover og reglar.

Miljøleing

NPE er ei kontorverksemd som ikkje påverkar det ytre miljøet i særleg grad.

Me ønskjer å vera ei miljømedviten verksemd, og følgjer opp arbeidet med miljøleing gjennom årlege gjennomgangar av status og prioriteringar i leinga.



V. Vurdering av framtidsutsikter

Me vurderer at me i utgangspunktet har god evne til å nå måla våre og levera gode resultat framover. Samtidig vil nokre område kunna påverka resultatata:

Sakstilgang

Om talet på nye saker held fram med å auka, vil det få konsekvensar for kor mange saker me kan behandla og for den samla saksbehandlingstida viss ikkje saksbehandlingsskapasiteten vår blir auka.

NPE som ein attraktiv arbeidsplass

Om me ikkje klarer å vera ein attraktiv arbeidsplass, der me tiltrekkjer oss, tek vare på og utviklar medarbeidarar og kompetanse, vil me få utfordringar med å nå måla våre. Derfor er me opptekne av å halda oppe eit godt arbeidsmiljø og å utvikla kompetansen hos medarbeidarar og leiarar. Me har også merksemd på og jobbar for at NPE skal kunna tilby konkurransedyktig lønn.



Budsjett

Om me har stramme budsjetttrammer, vil det påverka drifta og utviklinga av organisasjonen og tenestene til brukarane våre. Me er opptekne av effektiv utnytting av ressursane våre, og gjer nødvendige og krevjande prioriteringar når budsjettsituasjonen krev det. Det er samtidig viktig for oss å synleggjera konsekvensane av krevjande budsjetttrammer.

Tilstrekkeleg tilgang på sakkunnige

For å halda tempoet i saksbehandlinga oppe, er det viktig å ha god tilgang på sakkunnige innanfor alle medisinske spesialitetar. Viss tilgangen blir dårlegare, vil det påverka produksjonen og saksbehandlingstida vår. Sakkunnigtenester utgjer ein stor del av budsjettet vårt, og me er opptekne av at ressursane blir utnyttta på ein god og effektiv måte.

Evna vår til å utvikla organisasjonen vidare

Me opplever klare forventningar til effektivisering og utvikling av tenestene våre, mellom anna gjennom digitalisering. Om me ikkje klarer å utvikla organisasjonen og tenestene, vil det påverka resultatata og omdømmet vårt. Me må derfor prioritera utviklingsarbeidet i parallell med andre aktivitetar og oppgåver. I 2024 vil særleg arbeidet med nytt saksbehandlingssystem og tilhøyrande digitale løysingar stå sentralt. Det er eit nødvendig arbeid som vil trekkja personalressursar og budsjettmidlar frå andre oppgåver. Me vil også setja av ressursar til arbeidet med evalueringa av pasientskadeordninga.

Me kan ikkje sjå andre større område som kan hindra eller avgrensa evna me har til å løysa samfunnsoppdraget vårt på ein tilfredsstillande måte.

Når det gjeld korleis me vil møta utfordringane framover, viser me elles til informasjon om strategien vår for 2019 – 2024.

Året som har gått i Norsk pasientskadeerstatning

Koronavaksinesaker

Også i 2023 har NPE motteke mange erstatningssøknader knytt til koronavaksinasjonen. Det er eit stort spenn i kva erstatningssøklarane rapporterer at plagene handlar om, alder, kjønn og bustad. Nokon rapporterer om nye plager, andre om forverring av tidlegare plager. Det er også stor variasjon i kva tap dei meiner dei har vorte påførte, og om dei opplever at plagene er forbigående eller om dei meiner å ha fått ein varig skade.



Dei rapporterte plagene knyter seg til ulike medisinske fagområde. Me har derfor nytte av å innhenta sakkunnige vurderingar frå ulike spesialistar, mellom anna innan nevrologi, gynekologi, hud, hjarte og lunge og revmatologi.

Dei tre åra som er gått sidan vaksinasjonen starta, har me bygd opp erfaring om korleis me kan behandla sakene så godt som mogleg og med rett ressursbruk. Me ønskjer å gi erstatningssøklarane svar så raskt som mogleg. Me byggjer på den kunnskapen me har i dag og retningslinjene som lova og rettspraksis gir oss om vaksineskadar. Sidan det skjer mykje medisinsk forskning på dette feltet, forventar me ny kunnskap i åra som kjem.

Regelverket som gjeld vaksinesaker er annleis enn for andre saker som blir behandla etter pasientskadelova. I dei andre sakene må det vera over femti prosent sjanse for at det er årsakssamanheng mellom helsehjelpa og skaden for at erstatningssøklar skal ha rett til erstatning. I vaksinesakene er det tilstrekkeleg at vaksinen kan vera årsak til dei plagene det blir søkt erstatning for, og det skal givast rett til erstatning også om det er under femti prosent sannsynleg samanheng mellom vaksinen og skaden.

Høgsterett har uttalt at det må liggja føre ei årsak som ikkje berre kan forklarast teoretisk, men som har eit praktisk høve til å bli realisert. Vurderinga av om vaksinen kan vera årsak må kunna underbyggjast med eigenskapar ved vaksinen og medisinsk kunnskap; det vil seia eit visst forskingsmessig belegg. Det er sentralt at det er tidsmessig samanheng, men det er åleine ikkje nok. Endeleg skal det også vurderast om andre årsaker er meir sannsynlege enn vaksinen. Dette er vanskelege vurderingar som krev både medisinsk og juridisk kunnskap. Det dukkar stadig opp nye spørsmål og problemstillingar. I sakene som treng utgreiing hos sakkunnig, innhentar me opplysningar om helsa til erstatningssøkjaren både før og etter vaksinasjonen. Dette gir både sakkunnig og saksbehandlar eit betre grunnlag for å vurdere om vaksinen har påverka helsa til erstatningssøkjaren.

Erstatningssøknader som berre dreiar seg om dei vanlege og heilt kortvarige biverknadene blir avslått. Grunngevinga er at slike plager etter NPEs vurdering ikkje er tilstrekkelege til at dei er ein pasientskade som gir rett til erstatning. Vanlege biverknader kan vera plagsame, men dei er forventta utslag av den immunresponsen som vaksinen skal gi. Det er altså noko me alle må tola for at me gjennom vaksinasjonen skal bli beskytta, både kvar og ein og som samfunn.

Det er utbetalt erstatning i mange saker i løpet av 2023, og mange har fått positivt svar på søknaden sin. Fleire ventar på ei avklaring av storleiken på erstatninga. Det kan ta litt tid, fordi det er for tidleg å sjå dei varige konsekvensane av skaden.


Koronavaksinesakene har sett ny rekord i talet på melde saker innanfor eitt avgrensa område i NPE. Det har vore utfordrande og spennande for oss å handtera mange saker med så mange ulike problemstillingar. Samtidig er det positivt og motiverande at me har eit godt vaksineregulverk som vernar oss alle der vaksinen kan vera årsaka til ein skade. Det er også fint at me har erfart at dei fleste erstatningssøkjjarane har hatt mindre økonomiske tap og berre forbigåande plager som følgje av vaksinen.

Eit stort digitalt løft

Me moderniserer dei digitale løysingane våre og samarbeider med Helseklage i IT-utviklinga. Ved å samarbeida sparer me ressursar samanlikna med å jobba kvar for oss.

Me skiftar ut saksbehandlingsløysinga vår

I 2023 avslutta me prosessen med anskaffing av ny saksbehandlingsløysing for NPE og Helseklage. Me jobbar saman med vald leverandør, Netcompany, for å tilpassa løysinga til behova i dei to verksemdene. Målet er å få på plass ei god og moderne løysing som bidreg til effektiv saksbehandling og redusert ventetid for brukarane våre.



Me får ny løysing for biletdiagnostikk

Me innhentar store mengder røntgenbilete i saksbehandlinga. For å handtera dette materialet, har me skaffa ei ny løysing for biletdiagnostikk. Den skal setjast opp til bruk i NPE og Helseklage.

Me tek i bruk ny løysing for forvaltning av tilskotsordninga i privat helseteneste

NPE administrerer tilskotsordninga i privat helseteneste. Private helseaktørar betaler tilskot til NPE for å dekkja saksbehandlingskostnader og erstatningsutbetalingar. Ved utgangen av 2023 var 8874 verksemder registrerte i ordninga. Me har utvikla ei ny løysing der tilskotspliktige helseaktørar registrerer opplysningar om eiga verksemd, talet på årsverk osv. Dette er grunnlag for fakturering og innbetaling av tilskot. Løysinga er brukarvennleg og gir god funksjonalitet både for tilskotspliktige verksemder og våre eigne tilsette som forvaltar tilskotsordninga. Planen er å ta han i bruk i samband med fakturering av tilskot i 2024.

Fleire har fått tilgang til brukarportalen Min side

Tidlegare har berre erstatningssøklar sjølv og advokatar kunna bruka løysinga. I 2023 fekk også fullmektigar tilgang til brukarportalen. Me har i tillegg gjort enkelte endringar for å betra funksjonaliteten, mellom anna slik at advokatar lettare kan halda oversikt over kva for nokre løpande saker dei har hos oss.

Roboten jobbar og får fleire oppgåver

Me har automatisert tre prosessar i saksbehandlinga ved hjelp av robotteknologi. Roboten vår sender stadfestingsbrev til erstatningssøklarar, registrerer statistikk i sakene, og hjelper oss med å oppretta arbeidskopiar der me treng det. I tillegg bruker me den til ulike funksjonar på økonomiområdet. Me vil mellom anna trenna han på å kontera fakturaer frå våre sakkunnige. Andre oppgåver blir også vurderte.

Informasjonstryggleik og personvern har ein stor og sentral plass i digitaliseringsarbeidet vårt.

Pasientskadesaker i Høgsterett i 2023

Høgsterett har behandla to pasientsaker i 2023. Dommar frå Høgsterett er den viktigaste kjelda for avklaring og bruk av rettsreglane. I tillegg gir dommane viktige føringar for praksis og ei moglegheit for NPE til å vurdere om praksisen vår er rett.



Forelder skadde av at dottera tok sitt eige liv (HR-2023-1108-A)

Den første saka gjaldt retten til pasientskadeerstatning for andre enn pasienten sjølv, ein såkalla tredjepersonskade. I dette tilfellet var spørsmålet om ein far hadde krav på erstatning som følgje av at dottera døyde.

Faren søkte erstatning for at han sjølv vart påført ein psykisk skade som følgje av at dottera tok sitt eige liv etter behandlingssvikt i helsevesenet. Sjølv mordet ville ha vore hindra dersom dottera hadde fått rett behandling, og faren ville sjølv sagt ha unngått å bli skadd.

Høgsterett kom til at faren ikkje hadde rett til erstatning.

Høgsteretts fleirtal, med fire av i alt fem dommarar, kom til at skaden til faren kom av sjølv mordet til dottera, men at det rettslege kravet til årsakssamanheng ikkje var oppfylt.

Rettsleg årsakssamanheng set visse krav til skaden for at han skal kunna erstattast. Skaden til faren må for det første vera pårekneleg, og med dette siktar ein til det at skaden av erfaring må kunna forventast å oppstå etter ei slik hending. Vilkåret var klart oppfylt. Det er ingen tvil om at tap av eit barn av erfaring kan føra til psykisk skade.

Den rettslege årsakssamanhengen stiller også krav til at det må vera ein viss nærleik mellom behandlingssvikten og skaden. I dette ligg det at skadesituasjonen eller omstenda rundt hendinga må representera ei særleg belastning for faren, det blir altså stilt krav utover at dottera døyde.

Høgsterett viser mellom anna til at behandlingssvikten forårsaka sjølv mordet, men sjølv mordet heng saman med avdøde sine egne handlingar. Dødsfallet kom brått og uventa, men faren hadde gjennom fleire år levd med at sjukdommen til dottera innebar ein sjølv mordsrisiko. At helsevesenet ikkje klarte å hindra konsekvensen av sjukdommen til barnet gir ein fjernare og meir avleidd årsaksrekke.

Fleirtalet la til grunn at omstenda rundt behandlingssvikten ikkje fylte vilkåret om særleg belastning i dette tilfellet, og at det derfor ikkje var grunnlag for erstatning. Behandlingssvikten var ikkje den omgåande årsaka til dødsfallet til dottera.

Dommen gir nærare avklaring for rekkjevidda av tredjepersonars erstatningsrettslege vern. Sidan regelen byggjer på berre nokre få dommar, har alle av Høgsteretts dommar på dette området svært stor betydning for avklaring av regelen og praksis. Dette gjeld særleg dei dommene som er avsagde i seinare tid.

Prematurt barn skadde av nødvendig intensivbehandling (HR-2023-2069-A)

Den andre saka som vart behandla av Høgsterett gjaldt eit ekstremt prematurfødd barn som ved intensivbehandling fekk sett inn eit arteriekateter i venstre arm for overvaking av blodtrykk og blodverdiar. Kateteret førte til nedsett blodsirkulasjon. På grunn av den reduserte sirkulasjonen vart det omfattande vevsdød på den venstre handa til barnet. Barnet mista alle fingrane på handa.

Det var ingen svikt ved behandlinga som kunne gi grunnlag for erstatning. Spørsmålet som Høgsterett tok stilling til i saka var derfor om unntaksregelen i pasientskadelova § 2 tredje ledd kunne gi grunnlag for erstatning.

Denne føresegna gir erstatning for skadelidde dersom det er eit så markert misforhold mellom skaden og den lidinga som pasienten vart behandla for. Skaden ligg då utanfor den risikoen som pasienten må tola ved behandlinga. Høgsterett har vurdert denne føresegna i mange tidlegare pasientskadesaker, der dei fleste skadetilfella gjaldt behandling som var avgjerande for overlevinga til pasienten. Der behandlinga er livsnødvendig, må pasientar tola at det oppstår store skadar av behandlinga utan å få erstatning for det. Skulle behandlinga derimot ikkje vurderast å vera livreddande, så senkast denne terskelen og det vil vera lettare å oppfylle vilkåra for å få erstatning.

Det viktigaste spørsmålet i denne saka var derfor om bruken av arteriekateter var ein del av den livsnødvendige intensivbehandlinga, og som då blir vurdert etter ei høgare tålegrense, eller om bruken av arteriekateter skulle vurderast isolert og med ei lågare tålegrense.

Høgsteretts fleirtal på fire, av i alt fem dommarar, kom til at det er den samla behandlinga som skal vurderast. Bruken av arteriekateter for å overvaka blodtrykk og blodverdiar var i dette tilfellet ein del av intensivbehandlinga, og intensivbehandlinga var livsnødvendig behandling for det premature barnets. Tålegrensa vart ikkje overskriden og skaden til barnet vart ikkje erstatta.

Sakkunnigtenester

Sakkunnige med avtale med NPE

NPE nyttar uavhengige spesialistar med relevant erfaring og kompetanse på spesialistnivå til sakkunnig utgreiing i erstatningssakene. Vurderinga til sakkunnige er ein viktig del av grunnlaget for vurderinga om erstatningssøkjaren har rett til erstatning eller ikkje.

Det siste året er det stilt høgare kvalifikasjonskrav til sakkunnige me har avtale med. Me har ved inngåing av avtale med nye sakkunnige stilt krav om at dei må vera i aktiv klinisk praksis så lenge utfører oppdrag for oss.

Det er ei endring frå tidlegare kvar me først avslutta avtalane tre år etter at dei hadde avslutta det aktive kliniske arbeidet sitt. Me har også stilt krav om at nye sakkunnige må ha minimum seks års erfaring innan gjeldande spesialitet.

Det å ha nok sakkunnige innan kvar spesialitet, som leverer gode sakkunnigvurderingar, er viktig for saksbehandlingstida totalt sett.

Sakkunnigoppdrag i 2023

I 2023 hadde me avtaler med 140 sakkunnige i meir enn 30 ulike spesialitetar, og det vart skriva i alt 7419 sakkunnigvurderingar. Det er ein auke samanlikna med året før kvar det vart skriva 7 085 vurderingar.

I tillegg til sakkunnige med avtale, nyttar NPE over 500 eksterne sakkunnige som tek enkeltoppdrag. Totalt er det skriva 653 sakkunnigvurderingar av eksterne sakkunnige i 2023. Året før vart det skriva 511 vurderingar.

Nærværet til sakkunnige

Dei sakkunnige jobbane som hovudregel frå heimekontor. Nærvær blir styrt gjennom behovet vårt for å ha sakkunnige i lokala våre for å avklara medisinfaglege spørsmål eller for å løysa saker meir effektivt. Me har fire plassar tilgjengeleg for sakkunnige for i større grad å sikra direkte dialog mellom saksbehandlar og sakkunnig. Me ser at det bidreg til ei meir effektiv saksbehandling ved at saker i større grad blir avklarte raskare.

Det er arrangert fleire sakkunnigmøte, der saksbehandlar legg fram saka for sakkunnig og saka blir løyst i møtet. Det er ei effektiv samarbeidsform som fungerer godt.

Opplæring og andre tiltak

Me har jobba målretta med opplæring av dei avtalesakkunnige. Det er utvikla digitale opplæringspakkar innanfor utvalde tema. Det gjeld alt frå rolla som sakkunnig til juridiske tema. Enkelte nye tema er lagt til i 2023. Avtalesakkunnige har ei fri og uavhengig rolle. Det er derfor viktig å understreka at me ikkje legg føringar for, eller meiner noko om, deira vurderingar.

Me har også vidareutvikla ei ordning med kontaktsaksbehandlar, som går ut på at nye sakkunnige me inngår avtalar med får tildelt ein erfaren saksbehandlar ved oppstart. Dette skal sikra at dei sakkunnige får god rolleforståing, og at dei blir rettleidde i å skriva gode sakkunnigvurderingar.



Ei god sakkunnigvurdering svarer ut spørsmåla frå saksbehandlar, slik at det blir tydeleg om behandlinga erstatningssøkjaren har fått har vore i tråd med god praksis eller ikkje.

I 2023 gjennomførte me ei fysisk samling for alle avtalesakkunnige. Temaet var klarspråk, bevis- og årsakslæra og forståing av infeksjonsregelen.

Erstatningskrav frå pasientar etter kreftstudien Norwait

NPE fekk i 2022/2023 til saman elleve krav frå pasientar som hadde delteke i endetarmskreftstudien ved Haukeland universitetssjukehus, og som meinte dei hadde fått negativ utvikling av kreftsjukdommen som følgje av dette.

Utgreiinga vår viste at i alle elleve sakene var pasientane inkluderte i studien på feil grunnlag. Felles for sakene er mangelfull undersøking før pasientane vart inkluderte i studien, og det er ein svikt at det ikkje vart brukt fleksibelt skop i endetarmen.

NPE har gjennom 2023 jobba med å finna ut kor stor erstatninga skal bli for dei som har vorte ramma av denne svikten.

Faglege allmøte

Mange medarbeidarar har etterspurt fagleg påfyll for å få ny kunnskap og inspirasjon i jobben. Derfor har me gjennomført fleire faglege allmøte – eller kunnskapsfrukostar. Det har vorte ein populær arena der både eksterne og interne fagfolk gjer djupdykk i tema som er nyttige for medarbeidarane.

Tema i 2023 var utfordringane for fastlegeordninga, NPE i media på godt og vondt, medarbeidarskap og leiarutvikling og demonstrasjon av saksbehandlingssystemet i framtida.

Møte med menneske i krise

Dette var tema for eit todagars, fagleg seminar for medarbeidarane. Å behandla erstatningssaker inneber møte med menneske i livskrise. Me forhold oss heile tida til andres kriser og skal samtidig leva våre eigne liv. Korleis tek me vare på både oss sjølve og andre i slike krevjande situasjonar? Innleiarar som Espen Nakstad (Helsedirektoratet), Henrik Syse (filosof), Gry Lunde (ADHD Norge) og Torunn Grinvoll (pasientombod) og dessutan ei rekkje NPE-tilsette delte innsikt og erfaring.

Synlegheit

Nyheitsoppslag om Norsk pasientskadeerstatning auka kraftig i 2023. Det har spesielt vore interesse for menneske som har søkt erstatning etter å ha teke koronavaksine, i tillegg til personlege historier om korleis det opplevast for erstatningssøklarar som får avslag. Større synlegheit i media kjem av i stor grad proaktiv kommunikasjon, der me går ut med statistikk og budskap for å informera om retten til å få erstatning etter svikt i helsetenesta.

Eit døme er nyheitssaka i fleire medium om at «åtte av ti med ADHD får avslag.» I samarbeid med organisasjonen ADHD Norge vart det formidla informasjon om kva som skal til for å få erstatning.

Ei prioritert oppgåve er å bidra til at befolkninga får balansert og god informasjon om NPE. TV2 vart felt i Pressas faglege utval (PFU) for feil i dekninga si av ei ADHD-sak.

Klarspråk

Som ei statleg verksemd skal NPE bruka korrekt, klart og brukartilpassa språk. Ein eigen språkkettleiar med ei ordliste som blir brukt i brev til erstatningssøklarane vart oppdatert i 2023. Alle tilsette og sakkunnige fekk også kurs i klarspråk. Målet er at språket vårt bidreg til at erstatningssøklarar og andre finn det dei treng, forstår det dei finn og bruker det dei finn til å gjera det dei skal.

Norsk pasientskadeerstatning skal evaluerast


Stortinget har vedteke å be regjeringa gjennomføra ei evaluering av NPE der rutinar for saksbehandling og saksbehandlingstid står sentralt. Stortinget bad også om at evalueringa skulle innehalda tilrådingar. I NPE ser me fram til evalueringa, og til å få eit blick utanfrå på korleis me jobbar. Evalueringa blir eit viktig supplement til det kontinuerlege arbeidet vårt med å forenkla og forbetra saksbehandlinga, slik at pasientane som søker erstatning skal oppleva kontakten med oss som så god som mogleg.

Korleis er det å jobba i Norsk pasientskadeerstatning?

Simen Aasegg Wasshaug - behandlar for pasientskadesaker

«Som nyutdanna jurist byrja eg å jobba som behandlar i NPE våren 2020. Eg jobbar no i eit team som kvalifiserer alle erstatningssøknadene som kjem inn. Det vil seia at me sjekkar at alt det formelle er på plass og at me har tilstrekkelege opplysningar til å kunna behandla saka. Me beheld også ein god del av sakene på teamet og behandlar desse frå start til slutt.

Eg synest det er veldig givande å jobba i NPE med tanke på samfunnsoppdraget vårt. Det er også spennande å ha høve til i det daglege å jobba med saker der me kombinerer juss og medisin. Det må likevel seiast at det beste med å jobba i NPE er det veldig gode miljøet på arbeidsplassen. Dette i tillegg til at me får ein heilt ekstremt bra opplæring når me byrjar, det gjer overgangen frå studia til jobbkvardagen veldig enkel.»



Aishah Shafi - behandlar for pasientskadesaker

«Eg blir motivert av å vera ein del av det viktige samfunnsoppdraget og ansvaret som NPE forvaltar. Eg har alltid hatt ei interesse for grensesnittet mellom juss og medisin, og valde derfor å starta karrieren min her. Eg er utdanna jurist og starta i NPE hausten 2022. Som nyutdanna opplevde eg å bli del av eit godt arbeidsmiljø der samarbeid og kunnskapsdeling står sterkt.

Eg jobbar med fleire medisinske fagområde, mellom anna ortopedi, odontologi og urologi. Eg har også jobba med fleire koronavaksinesaker og det synest eg har vore både interessant og lærerikt. Eg trivst godt med utgreiinga av sakene og sjølve erstatningsberekninga. Hos oss er det kort veg til hjelp og rettleiing, og me har fleire arenaer kor ulike problemstillingar blir diskuterte og blir løyste i plenum.»



Tomm Johannessen - nestleiar IT

Eg er nestleiar IT-seksjonen og byrja i NPE i 2022. For meg gjer dei digitale satsingane våre at arbeidskvardagen i NPE er utfordrande og engasjerande. Noko av det mest spennande me held på med no er å skifta ut dagens saksbehandlingsløysing med ein ny og moderne skybasert løysing. Dette arbeidet kallar me SMART-prosjektet fordi det skal hjelpe oss med å jobba smartare.

NPE er i ein fase der me fornyar det aller meste av IT-løysingane vår gjennom Smart-prosjektet og andre igangverande prosjekt. Me har ei blanding av eigenutvikla verktøy og hyllevareløysingar skaffa frå eksterne



leverandører, og i IT-miljøet er me ei blanding av fast tilsette og innleigde konsulentar. Det er ein hyggjeleg plass å jobba, med eit godt samarbeidsmiljø på tvers av avdelingar og seksjonar.»

Elin Johnsen - seksjonssjef, saksbehandling og tenesteutvikling

«Eg søkte meg til NPE fordi eg ønskte å jobba i skjeringspunktet mellom juss og medisin. Det er eit spennande fagfelt, og eg får også jobba med digitalisering. Eg er utdanna jurist og byrja som behandlar i NPE i 2005, deretter seksjonssjef frå 2009. Dei siste tre åra har eg leidd Seksjon for saksbehandling og tenesteutvikling. Eg har ansvar for brukarportalen Min side, skjema våre og delar av saksbehandlingssystemet vårt. Som ansvarleg for fagbiten av saksbehandlingssystemet og redaktør for rutinehandboka vår, er det er det viktig for meg å også behandla nokre saker sjølv. Slik beheld eg ein nærleik og førstehandskjennskap til prosessane våre. NPE har eit godt fagmiljø, der det er låg terskel for å diskutera faglege problemstillingar. I tillegg er det sosiale miljøet veldig bra. Sjølv prøver eg å bidra til dette ved å vera quizmaster for NPE-quizen som blir arrangert to gonger i året. I tillegg er eg teaterkontakt for ulike teater i Oslo.»



VI-A. Årsrekneskap 2023 Norsk pasientskadeerstatning

1. Leiingskommentarar

Formål

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett instruks for Norsk pasientskadeerstatning

Norsk pasientskadeerstatning (NPE) er ei statleg verksemd underlagd Helse- og omsorgsdepartementet. NPE behandlar erstatningskrav frå pasientar i offentleg og privat helseteneste som meiner dei har fått ein skade etter behandlingssvikt i helsetenesta.

Rekneskapen for verksemda for drifta blir ført etter kontantprinsippet, slik det kjem fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Drifta består av tre utgiftspostar og to inntektspostar, som alle blir løyvde over statsbudsjettet. NPE får tildelingsbrev frå Helse- og omsorgsdepartementet med budsjettrammene for drifta.

NPE forvaltar desse to fonda:

Fond for pasientskadeordninga - offentleg helseteneste skal finansiera utbetalingar av erstatningar til pasientskadar oppstått i offentleg helseteneste. Fondet skal ikkje dekkja driftsutgifter i Norsk pasientskadeerstatning, driftsutgifter i Nasjonalt klageorgan for helsetenesta (Helseklage), eller erstatningssøkjars utgifter til advokatar. Driftsutgifter og utgifter til erstatningssøkjars bruk av advokatar blir belasta høvesvis post 01 og post 70.

Fondet består av tilskot frå regionale helseføretak, fylkeskommunar og kommunar. Kwart år blir det tilskot innbetalt til fondet basert på prognosar. Tilskota blir avrekna mot faktiske tal ved første fakturering det etterfølgjande året.

Fond for pasientskadeordninga - privat helseteneste skal finansiera driftskostnader til å behandla saker om erstatning og utbetaling av erstatningar for pasientskadar oppstått i privat helseteneste. Driftskostnadene omfattar saksbehandlingskostnader og administrasjonskostnader, utgifter til IKT-system, register over private aktørar og andre kostnader som er nødvendige for å kunna forvalta ordninga for privat helseteneste.

Dekning av driftskostnadene i fondet omfattar saksbehandling i NPE og Helseklage. Driftskostnadene for NPE blir inntektsførte i NPE på post 50.

Inntektene til fondet består av tilskot betalte av private aktørar etter pasientskadelova § 8.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i samsvar med Reglementet for og Bestemmelser om økonomistyring i staten, jf. punkt 3.4. Me meiner at rekneskapen gir eit dekkjande bilete av NPEs disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld.

Vurdering av vesentlege forhold

2023 var nok eit rekordår for talet på mottekne erstatningskrav. I alt søkte 7863 personar om erstatning. Det er ein auke på elleve prosent frå året før. Me fekk 19 prosent fleire saker enn prognosen ved inngangen til året. Ventetida frå søknad til utbetaling av erstatning heldt fram med å gå ned, og vart redusert med ti prosent frå året før. Kapasitet til å behandla det auka talet på mottekne saker og å redusera saksbehandlingstida har vore prioritert gjennom året.

I 2023 utbetalte NPE 1,4 mrd. kroner i erstatningar. Det er ein auke på 26 prosent frå 2022, og har samanheng med høgare erstatningsbeløp per sak enn året før. Dette kjem m.a. av reduksjon av kapitaliseringsrenta¹ som tredde i kraft 1. oktober 2022, og som fekk full heilårseffekt i 2023. I tillegg var det éi uvanleg stor utbetaling i 2023 som følgje av ein høgsterettsdom.

NPE hadde i 2023 eit netto meirforbruk på 1,2 mill. kroner, som må sjåast i samanheng med auken i talet på nye og behandla saker og høgare kostnader til sakkunnigtenester.

Samla tildeling

Utgiftskapittel	0741.01	0741.70	0741.71	Sum utgifter
Årets tildeling	236 733 000	51 488 000	25 668 000	313 889 000
RNB/omgruppering/saldering	3 426 000	1 100 000	548 000	5 074 000
Lønnsoppgjer	5 375 000			5 375 000
Samla tildeling kap. 741	245 534 000	52 588 000	26 216 000	324 338 000
Rekneskap	272 743 234	57 412 125	33 075 355	363 230 714
Avvik tildeling og rekneskap	-27 209 234	-4 824 125	-6 859 355	-38 892 714

NPE hadde i 2023 245,5 mill. kroner i samla tildeling. Samanlikna med 2022, er det ein auke på 16,7 mill. kroner. Dette var inkludert 6 mill. kroner til anskaffing av nytt saksbehandlingssystem.

Samla tildeling består av årets tildeling, jf. tildelingsbrevet, ein auke i revidert nasjonalbudsjett på 3,4 mill. kroner som følgje av den ekstraordinære lønns- og prisjusteringa i staten i tillegg til kompensasjon for lønnsoppgjeret på 5,4 mill. kroner.

Post 01 Driftsutgifter

Meirforbruket på 27,2 mill. kroner må sjåast i samanheng med meirinntektene på kap. 3741, post 02 og kap. 3741, post 50 på i alt 26,0 mill. kroner. Netto meirforbruk utgjer 1,2 mill. kroner.

Nærare om enkelte store utgiftspostar på post 01

Totale utgifter til lønn var i 2023 145,5 mill. kroner, inkludert 11,8 mill. kroner i pensjonspremie til Statens pensjonskasse (SPK), arbeidsgivaravgift på 18,1 mill. kroner, refusjonar på 5,2 mill. kroner og 2,6 mill. kroner til sakkunnige som får utbetalt honoraret sitt som lønn.

Totale utgifter til lønn auka med 14,7 mill. kroner frå 2022. Auken kjem i hovudsak av auka lønn til tilsette med 7,1 mill. kroner, auka kostnader til pensjon med 2,6 mill. kroner,

¹ Kapitaliseringsrenta gir uttrykk for kva avkastning ein må kunna forventa at den skadelidde vil oppnå, med fråtrekk for anteken inflasjon. Jo lågare kapitaliseringsrente, desto høgare blir erstatningsbeløpet.

auka honorar til sakkunnige med 1,1 mill. kroner og reduserte refusjonar med 1,6 mill. kroner.


Utgiftene til medisinsk sakkunnige var i 2023 på 50,1 mill. kroner, inkludert 2,6 mill. kroner til honorar utbetalte som lønn. Utgiftene auka med 7,0 mill. kroner frå 2022. NPE nyttar i størst mogleg grad medisinsk sakkunnige som er tilknytt gjennom avtalar, fordi dette er meir kostnadseffektivt enn enkeltstående sakkunnigoppdrag. Sakkunnigkostnadene følgjer utviklinga i saksmengda.

NPE brukte 37,0 mill. kroner på varer og tenester hos Norsk helsenett (NHN) i 2023, jf. konsernmodellen for administrative tenester for etatar under Helse- og omsorgsdepartementet. Det er ein auke på 2,3 mill. kroner frå 2022. Tenester frå NHN består av IT-drift og brukarstøtte, dokumentasjonsforvaltning/arkiv og anskaffingar i konsernmodellen for administrative tenester.

Kostnader til IT vart totalt 24,7 mill. kroner i 2023. Dette inkluderer ikkje IT-tenester kjøpt frå NHN, men omfattar Helseklages betaling for IT-tenester frå NPE. IT-kostnadene auka med 9,6 mill. kroner frå 2022. Auken kjem av i hovudsak arbeid med nytt saksbehandlingssystem og andre løysingar på IT-området, i tillegg til prisauke på enn rekkje varer og tenester.

På andre kostnader er det berre mindre endringar samanlikna med 2022.

Kostnadsfordeling 2023 post 01



Post 70 Advokatutgifter

Posten dekkjer erstatningssøkjars utgifter til advokathjelp etter pasientskadelova § 11. Totale utgifter i 2023 vart 57,4 mill. kroner. Det er eit meirforbruk på 4,8 mill. kroner. Ordninga er rettsbasert. Meirforbruket er mellom anna relatert til ei enkelt sak med advokatutgifter på 3,8 mill. kroner.

Post 71 Særskilde tilskot

Posten dekkjer utgifter til erstatningar og honorar i skadesaker der staten har eit særskilt ansvar, i hovudsak vaksineskadar. Det vart i 2023 betalt ut 33,1 mill. kroner i erstatningar frå denne posten, som er eit meirforbruk på 6,9 mill. kroner. Det er nokre få, store utbetalingar som driv kostnadene her. I 2023 stod åtte utbetalingar for over 75 prosent av dei totale utbetalingane. Reduksjonen av kapitaliseringsrenta har også auka utbetalingane.

Ordninga særskilde tilskot er rettsbaserte, og det er krevjande å utarbeida presise prognosar og budsjett.

Inntektskapittel 3741

Inntektskapittel	3741.02	3741.50	Sum inntekter
Årets tildeling	7 312 000	17 518 000	24 830 000
Samla inntektskrav	7 312 000	17 518 000	24 830 000
Rekneskap	14 382 673	36 422 501	50 805 174
Avvik tildeling og rekneskap	-7 070 673	-18 904 501	-25 975 174
Meirforbruk post 01, 02 og 50	-1 234 060		

Meirinntektene må sjåast i samanheng med kap. 074, post 01. NPE har meirinntektsfullmakt til å dekkja opp meirutgifter på post 01.

NPE har samla sett eit netto meirforbruk på 1,2 mill. kroner i 2023.

Post 02 Diverse inntekter

NPE behandlar krav om erstatning som følgje av legemiddelskade på vegner av Norsk Legemiddelforsikring AS. Inntektene frå behandling av legemiddelsaker var i 2023 på 2,5 mill. kroner, som er 0,2 mill. kroner høgare enn i 2022.

NPE leverer IT-tenester til Helseklage, som betalte 11,9 mill. kroner for desse tenestene i 2023. Det er 5,7 mill. kroner meir enn i 2022. Det heng saman med arbeidet med nytt saksbehandling-system og modernisering av andre digitale løysingar.

Totale meirinntekter på post 02 var i 2023 7,1 mill. kroner.

Post 50 Premie frå private

På posten blir inntekter førte som betaling for at NPE forvaltar pasientskadeordninga for privat helseteneste (#PHT). Midlane blir overførte frå fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste, og blir inntektsført på post 50. Aktørane i privat helseteneste skal fullt ut dekkja utgiftene knytt til pasientskadesaker frå dette området. Meirinntekta er på 18,9 mill. kroner i 2023, som er 6,8 mill. kroner meir enn i 2022. Bakgrunnen for auken frå 2022 er fleire behandla saker.

For NPE viser dei totale driftsinntektene ein auke på 12,3 mill. kroner samanlikna med 2022.

Revisjonsordning

Riksrevisjonen er ekstern revisor, og stadfestar årsrekneskapen for Norsk pasientskadeerstatning. Vurdering av rekneskapen vil komma fram av revisjonsrapporten som NPE får våren 2024. Årets revisjon er per i dag ikkje fullført.

15.03.2024



Kristin Cordt-Hansen
direktør

2. Prinsippnote til årsrekneskapen for NPEs drift

Prinsippa for utarbeiding av årsrekneskapen

Årsrekneskap for NPEs drift er utarbeidd og avlagd etter nærare retningslinjer fastsett i føresegner om økonomistyring i staten ("føresegnene"). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1 og nærare føresegner i Finansdepartementets rundskriv R-115 av desember 2022, punkt 8 Tilpassingar og nærare krav for statlege fond.

Oppstilling av rapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret (eittårsprinsippet).
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret (fullstendighetsprinsippet).
- c) Rekneskapen skal utarbeidast i tråd med kontantprinsippet.
- d) Utgifter og inntekter skal førast opp i rekneskapen med brutto beløp (bruttoprinsippet).

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportera til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er tilknytt konsernkontoordninga i staten i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene pkt. 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemdar blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Saldoen blir nullstilt på kvar enkelt oppgjerskonto ved overgang til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponera. Kolonnen «samla tildeling» viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og forplikningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Oppstilling av artskontorapporteringa 31.12.2023

	Note	2023	2022
Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	0	0
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	36 422 501	29 637 327
Sals- og leigeinnbetalningar	1	14 382 673	8 530 625
Andre innbetalningar	1	0	52 750
<i>Sum innbetalningar frå drift</i>		50 805 174	38 220 702
Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetalningar til lønn	2	147 194 247	132 546 817
Andre utbetalningar til drift	3	124 832 856	112 308 207
<i>Sum utbetalningar til drift</i>		272 027 103	244 855 025
Netto rapporterte driftsutgifter		221 221 930	206 634 323
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	88 174	288 865
Utbetaling til kjøp av aksjar	5, 8 del B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	1 767	7 421
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		89 941	296 286
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		89 941	296 286
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	0	0
<i>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</i>		0	0
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalningar av tilskot og stønader	7	90 487 480	99 532 502
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>		90 487 480	99 532 502
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		286 279	242 608
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		18 104 531	16 091 801
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		16 580 010	14 342 667
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>		-1 810 800	-1 991 743
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen		309 988 551	304 471 368

Oversikt over mellomverande med statskassa		
Eigedelar og gjeld	2023	2022
Fordringar på tilsette	0	0
Kontantar	0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank	0	0
Skuldig skattetrekk og andre trekk	-5 882 783	-5 150 442
Skuldige offentlege avgifter	-459	-7 504
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse	-5 055 330	-3 643 919
Mottekne forskotsbetalingar	0	0
Lønn (negativ netto, for mykje utbetalt lønn m.m.)	0	10 991
Differansar på bank og uidentifiserte innbetalingar	0	-15 650
Sum mellomverande med statskassa	8	-8 806 523

Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassa.

Artskontorapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte, og er derfor ikkje vist som inntekt i oppstillinga.

**Oppstilling av løvingsrapportering
31.12.2023**

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2023	Meirutgift (-) og mindretgift	Postert på tekne belastningsfullmakter	Avvik frå tildeling
0741	Norsk pasientskadeerstatning	01	Driftsutgifter	A, B	245 534 000	272 117 044	-26 583 044		
0741	Norsk pasientskadeerstatning	70	Advokatutgifter	A, B	52 588 000	57 412 125	-4 824 125		
0741	Norsk pasientskadeerstatning	71	Særskilde tilskot	A, B	26 216 000	33 075 355	-6 859 355		
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Nettoordning for mva. i staten	Artskontorapp.	0	16 580 010			
<i>Sum utgiftsført</i>					324 338 000	379 184 534			

Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla tildeling	Rekneskap 2023	Meirinntekt og mindreinntekt (-)	Postert på tekne belastningsfullmakter	Avvik frå tildeling
3741	Norsk pasientskadeerstatning	02	Diverse inntekter	B	7 312 000	14 382 673	7 070 673	0	0
3741	Norsk pasientskadeerstatning	50	Premie frå private	B	17 518 000	36 422 501	18 904 501	0	0
5309	Tilfeldige inntekter	29	Tilfeldige inntekter	Artskontorapp.	0	286 279			
5700	Inntektene til folketrygda	72	Folketrygda	Artskontorapp.	0	18 104 531			
<i>Sum inntektsført</i>					24 830 000	69 195 983			

Netto rapportert til løvingsrekneskapen						309 988 551
Kapitalkontoar						
60080001	Noregs Bank KK /innbetalingar					64 462 452
60080002	Noregs Bank KK/utbetalingar					-372 318 954
707010	Endring i mellomverande med statskassa					-2 132 048
<i>Sum rapportert</i>						0

**Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen
(31.12)**

Konto	Tekst	2023	2022	Endring
707010	Mellomverande med statskassa	-10 938 572	-8 806 523	-2 132 048

Note A Forklaring av samla tildeling utgifter					
Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingane i år 01.01.2023	Revidert nasjonalbudsjett 11.05.2023	Lønnsoppgjer 29.09.2023	Samla tildeling
074101	0	236 733 000	3 426 000	5 375 000	245 534 000
074170	0	51 488 000	1 100 000	0	52 588 000
074171	0	25 668 000	548 000	0	26 216 000

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

NPE har fullmakt til å bruka meirinntekter utover tildelt løyving på kap. 3741 post 02 og 50 til å dekkja meirutgifter under kap. 741 post 01. For 2023 utgjør samla meirinntekter 26,0 mill. kroner. Dette blir nytta til å dekkja meirutgifter under kap. 741 post 01.

NPE har gitt belastningsfullmakt til Helsedirektoratet/Helfo på inntil 2,0 mill. kroner. Dette følgjer av at me har effektivisert arbeidet med innkrevjing av betaling for journalkopiar frå helsetenesta. Betalinga skjer no gjennom Helfos system. Det forenkler arbeidet for helsetenesta og NPE. Av fullmakta vart 0,6 mill. kroner nytta i 2023.

Innbetalinger frå tilskot og overføringar består av belastning av driftsutgifter frå fond for pasientskadeordninga - privat helseteneste. Driftsutgifter frå fondet auka med 6,8 mill. kroner i 2023 samanlikna med 2022. Denne auken kjem av auke i andelen saker frå privat helseteneste samanlikna med 2022.

Inntekter frå behandling av legemiddelsaker auka med 0,2 mill. kroner samanlikna med 2022.

Inntekter frå Helseklage knytt til IT-tenester har auka med 5,7 mill. kroner Det heng saman med arbeidet med nytt saksbehandlingssystem og modernisering av andre digitale løysingar.

Note 1 Innbetalinger frå drift		
	31.12.2023	31.12.2022
<i>Innbetalinger frå gebyr</i>		
	0	0
Sum innbetalinger frå gebyr	0	0
<i>Innbetalinger frå tilskot og overføringar</i>		
Andre tilskot og overføringar (3741.50)	36 422 501	29 637 327
Sum innbetalinger frå tilskot og overføringar	36 422 501	29 637 327
<i>Sals- og leigeinnbetalinger</i>		
Inntekt for behandling av legemiddelsaker	2 452 570	2 281 200
Innbetaling frå Helseklage for IKT-tenester	11 930 103	6 249 425
Sum sals- og leigeinnbetalinger	14 382 673	8 530 625
<i>Andre innbetalinger</i>		
Anna driftsrelatert inntekt	0	52 750
Sum andre innbetalinger	0	52 750
Sum innbetalinger frå drift	50 805 174	38 220 702

Note 2 Utbetalinger til lønn		
	31.12.2023	31.12.2022
Lønn	116 183 251	108 984 914
Arbeidsgivaravgift	18 104 531	16 091 801
Pensjonsutgifter*	11 832 348	10 146 186
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-5 344 606	-6 941 037
Andre ytingar	6 418 723	4 264 953
Sum utbetalinger til lønn	147 194 247	132 546 817
Mengd utførte årsverk:	147	141

Note 3 Andre utbetalinger til drift		
	31.12.2023	31.12.2022
Husleige	8 818 716	8 919 545
Hald ved like eigne bygg og lag til	0	0
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	54 987	1 053 098
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	2 614 899	2 913 872
Reparasjon og vedlikehald av maskiner, utstyr osv.	0	0
Mindre utstysanskaffingar	246 599	1 474 341
Leie av maskiner, inventar og liknande	2 548 303	3 413 991
Kjøp av konsulenttenester	31 764 869	14 842 933
Kjøp av andre framande tenester	75 072 127	76 384 895
Reiser og diett	448 028	217 531
Andre driftsutgifter	3 264 329	3 088 003
Sum andre utbetalinger til drift	124 832 856	112 308 207

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter		
	31.12.2023	31.12.2022
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Inntekter frå eigedelar i selskap	0	0
Salssum ved realisasjon av verdipapir	0	0
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Anna finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0
	31.12.2023	31.12.2022
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	1 767	7 421
Valutatap	0	0
Anna finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	1 767	7 421

Utbetalinga av finansutgifter gjeld renter og gebyr på for sein betaling av fakturaer.

Note 5 Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar		
	31.12.2023	31.12.2022
<i>Utbetaling til investeringar</i>		
Immaterielle egedelar og liknande	0	0
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	0	0
Infrastruktureigedelar	0	0
Maskiner og transportmiddel	0	0
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	88 174	288 865
Sum utbetaling til investeringar	88 174	288 865
	31.12.2023	31.12.2022
<i>Utbetaling til kjøp av aksjar</i>		
Kapitalinnskot	0	0
Obligasjonar	0	0
Investeringar i aksjar og andelar	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjar	0	0

Note 6 Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten		
	31.12.2023	31.12.2022
Tilfeldige og andre inntekter (Statskonto 530929)	0	0
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten	0	0

Note 7 Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten		
	31.12.2023	31.12.2022
Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten		
Tilskot til ikkje-finansielle føretak (advokatutgifter)	57 412 125	46 354 150
Tilskot til hushald (erstatningar vaksinesaker)	33 075 355	53 178 352
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten	90 487 480	99 532 502

Advokatutgifter (post 70) viste meirutgifter på 4,8 mill. kroner. Ordninga er rettsbasert.

Særskilde tilskot (post 71) dekkjer erstatningar i saker der staten har særskilt ansvar, i hovudsak vaksineskadesaker. Særskilde tilskot er redusert med 20,1 mill. kroner samanlikna med 2022. Posten viser eit meirforbruk på 6,9 mill. kroner i 2023.

Note 7 Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa**Del A Forskjellen mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa**

	31.12.2023 Spesifisering av <u>bokført</u> avrekning med statskassa	31.12.2023 Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomverande med statskassa	Differanse
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og andelar	0	0	0
Obligasjonar	0	0	0
<i>Sum</i>	0	0	0
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	0	0	0
Andre fordringar	0	0	0
Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
<i>Sum</i>	0	0	0
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld*	-9 323 170	0	-9 323 170
Skuldig skattetrekk	-5 882 783	-5 882 783	0
Skuldige offentlege avgifter	-1 164	-459	-706
Anna kortsiktig gjeld**	-411 759	-5 055 330	4 643 571
<i>Sum</i>	-15 618 876	-10 938 572	-4 680 305
Sum	-15 618 876	-10 938 572	-4 680 305

*Leverandørgjeld angir ferdigbehandla fakturaer frå 2023 med forfall i 2024. Saldo består i hovudsak av faktura for Statens pensjonskasse for 6. termin 2023 på 5,0 mill. kroner og fakturaer frå sakkunnige.

**Anna kortsiktig gjeld er periodisering av ubehandla fakturaer med fakturadato i 2023 som blir betalt i 2024.

VI-B. Årsrekneskap 2023

Fond for pasientskadeordninga – offentlig helseteneste

1. Leiingskommentarar

Formålet og styresmakta til fondet

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett Instruks for fond for pasientskadeordninga – offentlig helseteneste.

Formålet med fondet er å finansiera utbetaling av erstatningar for pasientskadar oppstått i offentlig helseteneste. Fondet skal ikkje dekkja driftskostnader i Norsk pasientskadeerstatning (NPE), i Nasjonalt klageorgan for helsetenesta (Helseklage), eller erstatningssøklarars utgifter til advokatar.

Føresegner som styresmaktene har fastsett, og som definerer offentlig helseteneste: Forskrift 31. oktober 2008 nr. 1166 om virkeområda for pasientskadelova og om tilskotsplikt for den som yter helsehjelp utanfor den offentlege helse- og omsorgsteneste § 3. Det kjem fram av pasientskadelova kva vilkår som må vera oppfylte for å få erstatning for skadar valda i offentlig helseteneste. Erstatning for økonomisk tap blir regulert av lov 13. juni 1969 nr. 26 om skadeserstatning og ulovfesta erstatningsrett.

Dei regionale helseføretaka, fylkeskommunane og kommunane skal sjølv dekke utgiftene til erstatningar for skadar oppstått som følgje av behandling gitt av tenester organiserte hos desse. Det skal ikkje vera krysssubsidiert mellom nivåa. Dei årlege tilskota blir utarbeidde baserte på prognosar. Tilskota blir avrekna mot faktiske tal ved første fakturering det etterfølgjande året. Fylkeskommunar og kommunar innbetaler tilskot ein gong per år. Dei regionale helseføretaka innbetaler tilskot til NPE i fire terminar per år.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i samsvar med Reglement for økonomistyring i staten og Bestemmelser om økonomistyring i staten, jf. pkt. 3.4.6. Me meiner at årsrekneskapen gir eit dekkjande bilete av disponible midlar, rekneskapsførte inn- og utbetalingar, kostnader og inntekter, eignedelar og gjeld i fondet. Årsrekneskapen inneheld forenkla oppstilling av løyvingsrapporteringa og oppstilling av fondsrekneskap med notar.

Vurdering av vesentlege forhold

I 2023 vart det utbetalt 1,3 milliardar kroner for offentlig helseteneste. Det er ein auke på 29 prosent samanlikna med 2022, sjølv om det er utbetalt erstatning i tolv prosent færre saker. Hovudårsaka til auken er eit høgare erstatningsnivå på fleire av sakene som fekk utbetaling i 2023. Dette kjem m.a. av endring av kapitaliseringsrenta² som tredde i kraft 1. oktober 2022, og som fekk full heilårseffekt i 2023. I tillegg var det éi uvanleg stor utbetaling i 2023 som følgje av ein høgsterettsdom.

² Kapitaliseringsrenta gir uttrykk for kva avkastning ein må kunna forventast at den skadelidde vil oppnå, med fråtrekk for anteken inflasjon. Jo lågare kapitaliseringsrente, desto høgare blir erstatningsbeløpet.

Behaldninga på fondet rapportert til statsrekneskapen per 31.12.2023 er 5 mill. kroner. Det er ein reduksjon på 34,9 mill. kroner frå 2022.

Totale overføringar til fondet vart auka med 287 mill. kroner samanlikna med 2022. Reduksjon i resultatet frå fondet kjem av at totalt tilskot frå dei regionale helseføretaka, fylkeskommunane og kommunane for 2023 vart reduserte med avrekning frå 2022.

Verksemdsrekneskapen etter kontantprinsippet

Instruksen, som er fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet, fastslår at fond for pasientskadeordninga - offentleg helseteneste skal føra rekneskap etter kontantprinsippet. Det betyr at verksemdsrekneskapen skal presenterast etter kontantprinsippet ved årsslutt. Tilskota knytt til offentleg helseteneste og NPEs utbetaling av erstatningar for same område, blir førte over eigen konto i Noregs Bank. Årsrekneskapen for 2023 er presentert etter kontantprinsippet, og skal vareta krava i instruksen.

Revisjonsordning

Riksrevisjonen er ekstern revisor, og stadfestar årsrekneskapen for fond for pasientskadeordninga - offentleg helseteneste. Vurdering av rekneskapen vil komma fram av revisjonsrapporten som fondet får våren 2024. Årets revisjon er per i dag ikkje fullført.

15.03.2024



Kristin Cordt-Hansen
direktør

2. Prinsippnote til årsrekneskapen – oppstilling av løyvingsrapportering for statlege fond

Årsrekneskap for statlege fond er utarbeidd og avlagd etter nærare retningslinjer fastsett i føresegner om økonomistyring i staten ("føresegnene"). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.6 og Finansdepartementets rundskriv R-115 av september 2019, punkt 8.

Definisjon av statleg fond

Eit statleg fond er ein formuesmasse (kapital) som rekneskapsmessig er skilt frå dei andre midlane frå staten. Bruken er bunden til eit nærare fastsett formål med varigheit utover eitt budsjettår. Fond har ei forenkla rapportering til statsrekneskapen. Betalingsformidling skal skje gjennom konsernkontoordninga i staten, og likvidane skal oppbevarast på oppgjerskonto i Noregs Bank. Behaldningar på oppgjerskontoar blir overførte til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Øvre del av oppstillinga viser kva som er rapportert i likvidrapporten til statsrekneskapen. Likvidrapporten viser saldoen til fondet og likvidrørsler på oppgjerskontoen til fondet i Noregs Bank. Alle finansielle egedelar og forpliktingar som fondet er oppført med i kapitalrekneskapen til staten, blir viste i oppstillingas nedre del.

3. Prinsippnote til årsrekneskapen - oppstilling av fondsrekneskapen for statlege fond

Fondsrekneskapen svarer til oppstillinga av verksemdsrekneskapen i årsrekneskapen for statlege verksemdar. Fondsrekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet. Det inneber at inntektene (overføringar til fondet) blir viste i oppstillinga av resultatet når dei er innbetalte. Utgifter (overføringar frå fondet) blir viste i oppstillinga av resultatet når dei er utbetalte.

Resultatoppstillinga inneheld alle overføringar til og frå fondet i rekneskapsåret. Resultatet i perioden er forskjellen mellom overføring til og frå fondet. Resultatet viser netto endringar i fondskapitalen. Resultatet er overført til opptent fondskapital i balanseoppstillinga. I note til fondsrekneskapen blir kortsiktige fordringar omtalte. Opplysninga kjem ikkje fram av balansen, fordi rekneskapen blir utarbeidd etter kontantprinsippet.

Kapitalinnskot eller tilbakebetaling av kapitalinnskot i fondet blir ikkje vist i resultatoppstillinga, men blir ført direkte i balansen mot innskoten fondskapital.

Fond for pasientskadeordninga - offentlig helseteneste - består utelukkande av statlege midlar, og staten disponerer derfor midlane i fondet. I kapitalrekneskapen skal dette fondet først både under kontolån ordinære fond (gjeld), i kontogruppe 81, og under ordinære fond (eigedelar) i kontogruppe 64.

4. Samanheng mellom prognose, avrekning og rekneskap

Prognose og avrekning	2023	2022	Differanse
Prognose regionale helseføretak (RHF)	1 100 000 000	872 000 000	228 000 000
Avrekning RHF førre år	-20 719 516	-52 367 293	31 647 777
Egenandeler RHF	0	4 503 009	-4 503 009
Sum innbetalt frå statlege rekneskapar	1 079 280 484	824 135 716	255 144 768
Prognose fylkeskommunar	6 000 000	6 000 000	0
Avrekning fylkeskommunar førre år	-4 660 500	-238 500	-4 422 000
Sum innbetalt frå fylkeskommunar	1 339 500	5 761 500	-4 422 000
Prognose kommunar	210 000 000	185 000 000	25 000 000
Avrekning kommunar førre år	-29 348 336	-31 656 750	2 308 414
Sum innbetalt frå kommunar	180 651 664	153 343 250	27 308 414
Sum overføringar til fondet	1 261 271 648	983 240 466	278 031 182
Prognose erstatningsutbetalingar	1 316 000 000	1 063 000 000	253 000 000
Prognose resultatet i perioden	-54 728 352	-79 759 534	25 031 182
			-
Rekneskap	2023	2022	Differanse
Tilskot frå regionale helseføretak	1 079 280 485	819 632 704	259 647 781
Eigendelar frå helseføretak	0	4 503 009	-4 503 009
Tilskot frå statlege verksemder	1 079 280 485	824 135 713	255 144 772
Tilskot frå fylkeskommunar	1 339 499	5 761 500	-4 422 001
Tilskot kommunar	180 651 669	153 343 245	27 308 424
Tilskot frå fylkeskommunar og kommunar	181 991 168	159 104 745	22 886 423
Sum overføringar til fondet	1 261 271 653	983 240 458	278 031 195
Erstatningsutbetalingar	1 296 132 433	1 006 766 313	289 366 120
Bank- og kortgebyr	716	869	-153
Resultatet i perioden	-34 861 496	-23 526 724	-11 334 772

5. Oppstilling av løyingsrapportering etter forenkla oppstillingsplan med tilhørende notar

Tabell 1. Oppstilling av løyingsrapportering per 31.12.2023

Behaldningar rapporterte i likvidrapport	2023
Inngående saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank	39 824 751
Endringar i perioden	-34 861 496
Sum utgåande saldo oppgjerskonto i Noregs Bank	4 963 254

Tabell 2. Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen per 31.12.2023

Konto	Tekst	2023	2022	Endring
640701	Oppgjerskonto i Noregs Bank	4 963 254	39 824 751	-34 861 497
810701	Fondskapital	-4 963 254	-39 824 751	34 861 497

Note A Forklaring av samla tildeling (utgifter)

Driftsutgiftene i offentlig helseteneste blir dekte over NPEs ordinære driftsløyving på kap. 741, post 01 Driftsutgifter. Erstatningsøkjarars utgifter til advokathjelp etter pasientskadelova § 11 blir dekt over kap. 741 post 70 Advokatutgifter. Fondet får ikkje løyvingar over statsbudsjettet. Endring i fondskapital inkluderer endringar i saldo for interimskonto.

6. Oppstilling av fondsrekneskap som skal visa alle utgiftene til fondet, inntekter, egedelar, fondskapital og eventuelt gjeld

Tabell 3. Resultatoppstilling

Resultatoppstilling	Note	2023	2022
Overføringar til fondet:			
Tilskot frå statlege verksemder	1	1 079 280 484	824 135 716
Tilskot frå fylkeskommunar	1	1 339 500	5 761 500
Tilskot frå kommunar	1	180 651 669	153 343 245
Sum overføringar til fondet	1	1 261 271 653	983 240 461
Overføringar frå fondet:			
Erstatningsutbetalingar	2	1 296 132 433	1 006 766 313
Anna	2	716	869
Sum overføringar frå fondet	2	1 296 133 149	1 006 767 182
Resultatet i perioden		-34 861 496	-23 526 721
Disponering:			
Overføring av resultatet i perioden til fondskapital		34 861 496	23 526 721

Resultatoppstilling - kolonne 2023 og 2022 er korrigert med opne poster og IB jf. kontantprinsippet

Resultatet i perioden er overført til opptent fondskapital i balansen. Opptent fondskapital kjem fram ved at resultatet i perioden er lagt til opptent fondskapital førre år.

Tabell 4. Balanseoppstilling

Balanseoppstilling	Note	2023	2022
Eigedelar:			
Oppgjerskonto i Noreg Bank		4 963 254	39 824 751
Sum eigedelar		4 963 254	39 824 751
Fondskapital og forpliktingar:			
Opptent fondskapital		4 963 254	39 824 751
Sum fondskapital og forpliktingar		4 963 254	39 824 751

Sum fondskapital og forpliktingar svarer til behaldninga på oppgjerskontoen i Noregs Bank, jf. rapportering til kapitalrekneskapen. Behaldninga har gått ned med 34,9 mill. kroner frå 2022 til 2023.

Reduksjon i resultatet frå fondet kjem av at totalt tilskot for 2023 vart redusert med avrekning frå 2022. Det førte til at dei totale overføringane til fondet i 2023 vart mindre enn dei faktiske erstatning-utbetalingane.

Tabell 5. Overføring til fondet

Note 1 Overføringar til fondet	2023	2022	Differanse
8250 Tilskot frå regionale helseføretak	1 079 280 485	819 632 704	259 647 781
8251 Korrigert IB	0	4 503 009	-4 503 009
8251 Eigendel helseføretak korrigert	0	4 503 009	-4 503 009
Tilskot frå statlege verksemder	1 079 280 485	824 135 713	255 144 772
8310 Tilskot frå fylkeskommunar	1 339 500	5 761 500	-4 422 000
8300 Tilskot frå kommunar	180 651 669	153 343 245	27 308 424
Sum overføringar til fondet	1 261 271 654	983 240 458	278 031 196

Beløp er korrigert med opne postar og IB jf. kontantprinsippet

Tilskot som blir kravd inn er basert på prognose for erstatningsutbetalingar for inneverande år og ei avrekning av differansen mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningsutbetalingar førre år. Dette følgjer av instruksjonen for fond for pasientskadeordninga – offentlig helseteneste.

Netto tilskot frå dei regionale helseføretaka, etter avrekning av differansen mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningsutbetalingar i 2023, er auka med 259,7 mill. kroner samanlikna med 2022. Mesteparten av denne auken kjem av at prognosen for erstatningsutbetalingar auka med 228,0 mill. kroner i 2023 samanlikna med 2022. Resterande auke på 31,6 mill. kroner kjem av reduksjon i avrekninga i favør av dei regionale helseføretaka på 20,7 mill. kroner i 2023, samanlikna med 52,4 mill. kroner i 2022. Innkrevjing av eigendel frå helseføretaka kom frå 01.01.2022, jf. oppdatert instruks for fondet per 15.12.2021. Eigendel i rekneskap 2022 gjeld fakturering i slutten av 2021 som først vart innbetalt i 2022.

Netto tilskot frå kommunar, etter avrekning av differansen mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningar i 2023, auka med 27,3 mill. kroner samanlikna med 2022. Auken kjem i hovudsak av høgare prognose i erstatningsutbetalingar i kommunehelsetenesta for 2023 enn for 2022.

Netto tilskot frå fylkeskommunar, etter avrekning av differansen mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningar i 2022, vart redusert med 4,4 mill. kroner i 2023 samanlikna med 2022.

Tabell 6. Overføring frå fondet

Note 2 Overføringer frå fondet	2023	2022	Differanse
Erstatningsutbetalingar	1 296 132 433	1 006 766 313	289 366 120
Bank- og kortgebyr*	716	869	-153
Sum overføringer frå fondet	1 296 133 149	1 006 767 182	289 365 967

*Gjeld er fjerna for å framstilla rekneskapen etter kontantprinsippet. I verksemdsrekneskapen er opne postar tilbakeførte for 2023.

Tabell 7. Erstatningsutbetalingar fordelte

Erstatningsutbetalingar fordelte	2023	2022
Regionale helseføretak	84,0 %	84,5 %
Fylkeskommunar	0,1 %	0,1 %
Kommunar	15,9 %	15,4 %
Totalt	100 %	100 %

Fordelinga er henta frå internt saksbehandlingssystem.

VI-C. Årsrekneskap 2023

Fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste

1. Leiingskommentarar

Formålet og styresmakta til fondet

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett Instruks for fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste.

Fondet skal finansiera driftskostnader til å behandla saker om erstatning knytt til privat helseteneste, og utbetaling av erstatningar for pasientskadar oppstått i privat helseteneste. Driftskostnadene omfattar både saksbehandlingskostnader og administrasjonskostnader, inkludert nødvendige utgifter til IT-system, register over private aktørar og andre kostnader som er nødvendige for å kunna forvalta ordninga for privat helseteneste. Dekning av driftskostnadene omfattar saksbehandling både i Norsk pasientskadeerstatning (NPE) og i Nasjonalt klageorgan for helsetenesta (Helseklage). Inntektene til fondet blir finansierte av tilskot betalte av private aktørar etter pasientskadelova § 8.

Aktørar som blir rekna som tilbydarar av private helsetenester går fram av pasientskadelova § 8 og § 7 andre ledd. Jf. også § 3 i forskrift 31. oktober 2008 nr. 1166 om virkeområdet for pasientskadelova og om tilskotsplikt for den som yter helsehjelp utanfor den offentlege helse- og omsorgstenesta. Desse aktørane har plikt til å betala tilskot til NPE.

Forskrifta gir også nærare føresegner om reguleringa av privat helseteneste, inkludert omfanget på dei årlege tilskota som skal innbetalast til fondet. Dei årlege tilskota er meinte å dekkja alle kostnader knytt til skadar som oppstår i det aktuelle året. Kostnadene omfattar driftskostnader, utgifter til advokatar og erstatningar. Gjennom innbetalingar til fondet skal det avsetjast midlar til framtidige erstatningsutbetalingar, inkludert skadar som har skjedd, men som ikkje er melde eller oppgjorde.

Tilskota skal justerast over tid for å korrigera for eventuelle avvik mellom den faktiske storleiken på fondet og dei avsetningane som blir rekna som nødvendig for å dekkja framtidige erstatningsutbetalingar.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i samsvar med Reglement for økonomistyring i staten og Bestemmelser om økonomistyring i staten, jf. pkt. 3.4.6. Me meiner at årsrekneskapen gir eit dekkjande bilete av disponible midlar, rekneskapsførte inn- og utbetalingar, kostnader og inntekter, egedelar og gjeld i fondet. Årsrekneskapen inneheld forenkla oppstilling av løyvingrapporteringa og oppstilling av fondsrekneskap med notar.

Vurdering av vesentlege forhold

Det er utbetalt 77,7 mill. kroner i erstatningar i 2023, som er ein auke på 24,1 mill. kroner samanlikna med 2022. Rekneskapen for fondet viser samla utgifter på 119,5 mill. kroner i 2023. Det er ein auke på 28,7 mill. kroner samanlikna med 2022. Endringa i utgiftene kjem i hovudsak av auka erstatningsutbetalingar.

Talet på saker til utbetaling auka med 32 prosent i 2023 samanlikna med 2022, medan utbetalingane auka med 31 prosent. Høgaste utbetaling i 2023 var på 11,2 mill. kroner, medan høgaste utbetaling i 2022 var på 5,5 mill. kroner. Endring av kapitaliseringsrenta³ som tredde i kraft 1. oktober 2022 fekk heilårseffekt i 2023 og har bidrege til høgare erstatningsutbetalingar.

Det er auka renteinntekter frå Noregs Bank med 5,1 mill. kroner grunna eit generelt høgare rentenivå enn året før.

I 2023 hadde fondet samla inntekter på 139,7 mill. kroner. Inntektene består av innbetalt tilskot frå aktørar i privat helseteneste og regresskrav. Tilskota auka med 15,8 mill. kroner frå 2022 til 2023. Regressinntektene i 2023 er auka med 1,6 mill. kroner samanlikna med 2022.

Overføring av resultatet i perioden til fondskapital er redusert med 12,8 mill. kroner frå 2022 til 2023. Behaldninga på fondet rapportert til statsrekneskapen per 31.12.2023 er 170,5 mill. kroner. Det er ein auke på 20,2 mill. kroner frå 2022.

Verksemdsrekneskapen etter kontantprinsippet

I instruksen fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet, er det fastslått at fondet for pasientskadeordninga - privat helseteneste skal føra rekneskap etter kontantprinsippet. Det betyr at verksemdsrekneskapen skal presenterast etter kontantprinsippet ved årsslutt. Tilskota knytt til privat helseteneste og NPEs utbetaling av erstatningar for same område blir førte over eigen konto i Noregs Bank. Årsrekneskapen for 2023 er presentert etter kontantprinsippet, og skal vareta krava i instruksen.

Revisjonsordning

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for fond pasientskadeordninga – privat helseteneste. Vurdering av rekneskapen vil komma fram av revisjonsrapporten som fondet får våren 2024. Årets revisjon er per i dag ikkje fullført.

15.03.2024



Kristin Cordt-Hansen
direktør

³ Kapitaliseringsrenta gir uttrykk for kva avkastning ein må kunna forventa at den skadelidde vil oppnå, med fråtrekk for anteken inflasjon. Jo lågare kapitaliseringsrente, desto høgare blir erstatningsbeløpet.

2. Prinsippnote til årsrekneskapen – oppstilling av løyvingsrapportering for statlege fond

Årsrekneskap for statlege fond er utarbeidd og avlagd etter nærare retningslinjer fastsett i føresegnar om økonomistyring i staten ("føresegnene"). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.6 og Finansdepartementets rundskriv R-115 av september 2019, punkt 8.

Definisjon av statleg fond

Eit statleg fond er ein formuesmasse (kapital) som rekneskapsmessig er skilt frå dei andre midlane frå staten. Bruken er bunden til eit nærare fastsett formål med varigheit utover eitt budsjettår.

Fond har ei forenkla rapportering til statsrekneskapen. Betalingsformidling skal skje gjennom konsernkontoordninga i staten, og likvidane skal oppbevarast på oppgjerskonto i Noregs Bank. Behaldningar på oppgjerskontoar blir overførte til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Øvre del av oppstillinga viser kva som er rapportert i likvidrapporten til statsrekneskapen. Likvidrapporten viser saldoen til fondet og likvidrørslar på oppgjerskontoen til fondet i Noregs Bank. Alle finansielle egedelar og forplikningar som fondet er oppført med i kapitalrekneskapen til staten, blir viste i oppstillingas nedre del.

3. Prinsippnote til årsrekneskapen - oppstilling av fondsrekneskapen for statlege fond

Fondsrekneskapen svarer til oppstillinga av verksemdsrekneskapen i årsrekneskapen for statlege verksemdar. Fondsrekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet. Det inneber at inntektene (overføringar til fondet) blir viste i oppstillinga av resultatet når dei er innbetalte. Utgifter (overføringar frå fondet) blir viste i oppstillinga av resultatet når dei er utbetalte.

Resultatoppstillinga inneheld alle overføringar til og frå fondet i rekneskapsåret. Resultatet i perioden er forskjellen mellom overføring til fondet og overføring frå fondet, og resultatet viser netto endringar i fondskapitalen. Resultatet er overført til opptent fondskapital i balanseoppstillinga. I note til fondsrekneskapen blir kortsiktige fordringar omtalte. Opplysninga kjem ikkje fram av balansen, fordi rekneskapen blir utarbeidd etter kontantprinsippet.

Kapitalinnskott eller tilbakebetaling av kapitalinnskott i fondet blir ikkje vist i resultatoppstillinga, men blir ført direkte i balansen mot innskoten fondskapital

4. Oppstilling av løyingsrapportering etter forenkla oppstillingsplan med tilhørende notar

Tabell 1. Oppstilling av løyingsrapportering per 31.12.2023

Behaldningar rapporterte i likvidrapport	Rekneskap 2023
Inngående saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank	150 313 461
Endringer i perioden	20 229 901
Sum utgående saldo oppgjerskonto i Noregs Bank	170 543 362

Tabell 2. Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen per 31.12.2023

Konto	Tekst	2023	2022	Endring
810702	Behaldningar på konto(er) i Noregs Bank	-170 543 362	-150 313 461	-20 229 901

Forklaring av samla tildeling (utgifter)

Fond for pasientskadeordninga – privat helseteneste blir fullfinansiert av private helseaktørar, og dekkjer erstatningsutbetalingar, advokatutgifter og driftsutgifter. Fondet får ikkje løyving over statsbudsjettet.

5. Oppstilling av fondsrekneskap som skal visa alle utgiftene til fondet, inntekter, egedelar, fondskapital og eventuelt gjeld

Tabell 3. Resultatoppstilling

Resultatoppstilling	Note	2023	2022
Tilskot frå private helseaktørar	1	137 744 608	123 423 115
Regress frå private helseaktørar	1	1 991 411	415 124
Sum overføringar til fondet	1	139 736 019	123 838 239
Erstatningsutbetalingar	2	-77 737 905	-53 667 734
Dekning av driftsutgifter NPE	2	-36 422 501	-29 637 327
Dekning av driftsutgifter Helseklage	2	-10 815 017	-8 809 260
Anna	2	5 505 309	1 302 759
Sum overføringar frå fondet	2	-119 470 114	-90 811 562
Resultatet i perioden *		20 265 905	33 026 677
<i>Disponering:</i>			
Overføring av resultatet i perioden til fondskapital		20 265 905	33 026 677

* Tilleggsinformasjon for resultatet og overføringa i perioden av resultatet i perioden til fondskapital:

Differansen mellom resultatet i perioden og det som er rapportert som fondskapital i statsrekneskapen per 31.12.2023 utgjer 36 004 kroner. Dette er korrigering av saldo på balansekonto ved årsslutt. Dette er vurdert som ikkje vesentleg, og vil bli korrigert i 2024.

Resultatet i perioden er overført til opptent fondskapital i balansen. Opptent fondskapital blir berekna ved å leggja resultatet i perioden til opptent fondskapital i førre år.

Tabell 4. Balanseoppstilling

Balanseoppstilling	2023	2022
Eigedelar:		
Oppgjerskonto i Noregs Bank	170 543 362	150 313 461
Sum eigedelar	170 543 362	150 313 461
Fondskapital og forpliktingar:		
Opptent fondskapital	170 543 362	150 313 461
Sum fondskapital og forpliktingar	170 543 362	150 313 461

Tabell 5. Inntekter

Note 1 Overføringer til fondet	2023	2022	Differanse
8481 Tilskot frå privat helseteneste	134 569 136	127 493 221	7 075 915
Tilbakeføring opne postar per 31.12	3 175 472	-3 994 888	7 170 360
Tilskot frå private aktørar	137 744 608	123 498 333	14 246 275
8480 Regress	170 000	1 422 737	-1 252 737
Tilbakeføring opne postar per 31.12	1 821 411	-1 007 613	2 829 025
Regress frå private aktørar	1 991 411	415 124	1 576 288
8740 Tilskot privat sektor, verksemder	0	-75 218	75 218
Tilskot privat sektor, verksemder	-	-75 218	75 218
Sum overføringer til fondet	139 736 019	123 913 457	15 822 562

For både konto 8481 Tilskot frå privat helseteneste, 8740 Tilskot privat sektor verksemder og 8480 Regress blir vist ei spesifisering av korleis inngåande balanse, opne postar frå tidlegare år og opne postar per 31.12.2023 er tekne omsyn til for å vareta kravet om kontantprinsippet i årsrekneskapen.

I 2023 hadde fondet samla inntekter på 139,7 mill. kroner. Inntektene består av innbetalt tilskot frå aktørar i privat helseteneste og regresskrav. Tilskot frå private helseaktørar har auka med 15,8 mill. kroner frå 2022 til 2023.

Regressinntektene i 2023 auka med 1,6 mill. kroner samanlikna med 2022. Auken kjem av at det vart innbetalt fleire krav frå tidlegare år via Statens innkrevjingsentral i 2023.

Tabell 6. Utgifter

Note 2 Overføringer frå fondet	2023	2022	Differanse
Erstatningsutbetalingar	-77 737 905	-53 667 734	-24 070 171
Dekning av driftsutgifter NPE	-36 422 501	-29 637 327	-6 785 174
Dekning av driftsutgifter Helseklage	-10 815 017	-8 809 260	-2 005 757
Anna	5 505 309	1 302 759	4 202 550
Sum overføringer frå fondet	-119 470 114	-90 811 562	-28 658 552

Det er utbetalt 77,7 mill. kroner i erstatningar i 2023. Det er ein auke på 24,1 mill. kroner samanlikna med 2022. Auken kjem av at det er fleire saker ferdig behandla i 2023 og ei enkelt sak med høg utbetaling.

Driftsutgiftene i NPE og i Helseklage er belasta fondet med utgangspunkt i ein gjennomsnittspris for kor mykje det kostar å behandla ei sak, inkludert advokatutgifter. Talet på saker auka i 2023 med 32 prosent samanlikna med 2022, medan utbetalingane auka med 31 prosent. Som eit resultat av fleire behandla saker auka driftsutgiftene til NPEs saksbehandling med 6,8 mill. kroner. For Helseklage auka driftsutgiftene med 2,0 mill. kroner.

Annet-posten fordeler seg mellom bank- og kortgebyr, øreavrunding, konstaterte tap på fordringar, renteinntekter og valutagevinst, sjå tabell 7 under.

Tabell 7. Anna

Anna	2023	2022	Differanse
7770 Transaksjonskostnader (bank - og kortgebyr)	-1 777	-2 375	598
7772 Øreavrunding	-353	-95	-259
7830 Konstaterte tap på fordringar	-690 940	-195 845	-495 095
7831 Konstaterte tap på fordringar - Regress	-450 000	-	-450 000
8050 Renteinntekt - kontoar utanfor konsernkontoordningane (Noregs Bank)	6 613 676	1 465 793	5 147 883
8051 Renteinntekter	34 697	35 280	-583
8060 Valutagevinst	6	-	6
Sum	5 505 309	1 302 759	4 202 550

Konto 7772 består hovudsakleg av automatiske øreavrundingar i samband med fakturering. I tillegg er det bokført postar under 100 kroner som anten er for mykje eller for lite innbetalte på kunderskonto. Me betaler ikkje tilbake, og krev ikkje inn, beløp under 100 kroner fordi me har vurdert at det er for kostbart og tidkrevjande. Statens innkrevjingsssentral krev heller ikkje inn beløp under 100 kroner av same grunn.

Ved tapsføring blir konto nytta 7830 Tap på fordringar/7831 Tap på fordringar regress. Desse kontoane kan berre nyttast når krava i økonomireglementet kap. 5.4 (pkt. 5.4.2.5, 5.4.3, 5.4.4, 5.4.5) er oppfylte. NPE bruker Statens innkrevjingsssentral til å følgja opp krav som ikkje blir betalt som føreset.

Det er ført tap på fordringar på 1,1 mill. kroner på 33 tilskotskrav på konto 7830 og eitt regresskrav på konto 7831 i 2023. Det er ein auke på 1,0 mill. kroner samanlikna med 2022. Samtidig er det ført tilsvarande inntekt på konto 8481 Tilskot frå privat helseteneste for å vareta kravet om kontantprinsippet i årsrekneskapen.

Inntekter på konto 8050 er renteinntekter betalte av Noregs Bank ved årsslutt. Det er ein auke på 5,1 mill. kroner samanlikna med 2022 på grunn av eit generelt høgare rentenivå i 2023. Inntekter på konto 8051 er renter betalte frå Statens innkrevjingsentral i samband med innkrevjinga.